



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Høyringsssvar

Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

Samandraget omfattar korte oppsummeringar av innkomne høyringsssvar til intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.



Innleiing og oversyn

Dette dokumentet er ein del av fylkestingssaka «Regionreforma og Sogn og Fjordane fylkeskommune», og syner innkomne høyringsvar frå innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv og offentleg forvaltning. Fylkesrådmannen gjev her eit resymé med korte oppsummeringar av alle uttalane.

Her er det også lagt til ei lenkje til dei innkomne fråsegnene, slik at dei kan lesast i originalversjon.

Oversikt over innkomne høyringsvar

Fylkestinget la 26.10.16 intensjonsplanen for samanslåing av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane ut på ei brei, offentlig høyring, der alle fekk høve til å sende høyringsvar. Fylkestinget la intensjonsplanen ut på høyring for at innbyggjarar, organisasjonar, næringsliv og offentlig forvaltning skulle få seie si meining i eit viktig spørsmål for samfunnsutvikling og tenestetilbod. Målet har vore å få inn grunngevevne synspunkt, tydelege argument og konstruktive innspel til arbeidet med regionreforma.

Fylkesrådmannen er svært nøgd med responsen under høyringsperioden, og vil her presentere ei oversikt og eit samandrag av innkomne høyringsinnspel. Ei fullstendig oversikt over høyringsfråsegnene ligg i dei publiserte høyringsvara på fylkeskommunen si heimeside samt som prenta vedlegg til saksutgreiinga.

Dei til saman 260 høyringsvara vi har fått inn fordeler seg slik:

Høyringsinstansar	Positive til Vestlandsregionen	Negative til Vestlandsregionen	Tek ikkje stilling for eller mot	Understrekar nynorsk	Totalt
Kommunar	14	7	-	15	21
Statlege etatar	3	-	-	1	3
Politiske parti/lokallag/utval	7	20	-	17	27
Arbeidstakarorganisasjonar	-	3	5	4	8
Næringsorganisasjonar	2	2	-	1	4
Mållag/nynorskorganisasjonar	-	4	28	29	32
Andre organisasjonar	-	2	9	7	11
Enkeltpersonar	23	74	57	99	154
Samla					260

Tabell 1: Fordeling av innkomne høyringsvar til «Intensjonsplan for samanslåing».

Samandrag av innkomne høyringsfråsegner

Høyringsinstans	Oppsummering av fråsegn	Kommentar/stikkord
Kommunar		
Nordfjord		
Bremanger kommune	<p>Støttar arbeidet med å få til ein samla vestlandsregion. Ei felles politisk eining for heile Vestlandet er m.a. viktig for å motverke vidare oppbygging av politisk og administrativ sentralmakt i Oslo. Stortinget sitt fleirtal har i reformprosessen uttalt at «hovedprinsippene som må ligge til grunn for oppgavefordelingen mellom statlig, regional og kommunal sektor, er at oppgaver bør legges på lavest mulig effektive nivå, at staten bør ta seg av oppgaver som skal gjennomføres likeartet over hele landet, og at oppgaver som forutsetter lokalt kjennskap og initiativ bør delegeres til region- eller kommunenivå.» Bremanger kommune har forventningar om at dette vert følgd opp i reforma.</p> <p>Bremanger kommune peikar elles på at ein vestlandsregion bør prioritere å etablere Kystvegen for at næringsliv og innbyggjarar i kystsamfunna vert godt integrerte i regionen. Verdjar som i dag ligg til Sogn og Fjordane fylkeskommune bør så langt råd er liggje att i vår del av regionen. Kommunen ønskjer at nynorsk vert administrasjonsspråk i den nye regionen.</p>	<p>Positiv til Vestlandsregionen.</p> <p>Forventar at staten overfører oppgåver.</p> <p>Bør etablere Kystvegen.</p> <p>Verdiar som er i SF i dag, bør framleis liggje att i området.</p> <p>Nynorsk.</p>
Vågsøy kommune	<p>Vågsøy kommune er positiv til ein Vestlandsregion med Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland, men peikar på følgjande føresetnader:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Måløy vidaregåande skule og utdanningsmiljøet rundt denne med Fagskulen avd. Måløy og Sikkerheitssenteret i Måløy må ivaretakast. - Vestlandsregionen bør raskt etablere Kystvegen: Denne er viktig for at næringsliv og innbyggjarane i kystsamfunna vert godt integrerte i Vestlandsregionen. - Verdiar som no ligg til Sogn og Fjordane fylkeskommune bør så langt mogeleg liggje att i vår del av Vestlandsregionen. - Det er ønskjeleg at dei noverande fylka vert valdistrikt til stortingsval også i framtida. 	<p>Positiv til Vestlandsregionen.</p>
Selje kommune	Ikkje motteke høyringsfråsegn innan 29.11.2016.	
Eid kommune	<p>Positive til Vestlandsregionen og støttar det vidare arbeidet. Ser det som sjølvstøtt at nynorsk vert administrasjonsspråk. Statlege forvaltningsorgan må samordne regiongrensene sine med dei nye folkevalde regionane. Fylket skal ikkje delast. Ber om at det vert arbeidd for å inkludere heile eller delar av Møre om Romsdal i den nye regionen. Ikkje still som vilkår at tannhelsetenesta skal liggje til regionsnivået. Den desentraliserte skulestrukturen må ivaretakast i ny region. Må sikre at verdiane som ligg i SFE blir verande i SF/dagens eigarkommunar.</p>	<p>Positive til Vestlandsregionen.</p> <p>Nynorsk.</p> <p>SF ikkje delast.</p> <p>Hald på desentralisert skulestruktur.</p> <p>Tannhelsetenesta kan leggjast til kommunane.</p> <p>SFE</p>
Hornindal kommune	<p>Nei til intensjonsplanen. Samanslåinga vil kunne føre til at makt, tenester og arbeidsplassar vert flytte ut av fylket og skape unødvendig avstand mellom dei styrande og lokalsamfunna i Sogn og Fjordane. Det er ikkje klart kva som vert overført frå sentrale styresmakter til regionane av mynde og tenester. Ny regioninndeling vil etablere nye</p>	<p>Negative til intensjonsplanen.</p> <p>Kan få unødvendig avstand mellom die styrande og</p>

	<p>grenser, og intensjonen om at statleg verksemd skal følgje regioninndeling kan skape nye og store utfordringar. Dei store offentlege investeringane i Eiksundsamband og Kvivsveg er t.d. ikkje følgd opp med samordning av offentlege kommunikasjonar, akuttkirurgi, vidaregåande skule m.m. innanfor den nye bu- og arbeidsmarknaden. Når nye grenser for regionane blir vedtekne må ein unngå slike utfordringar.</p> <p>Hornindal kommune argumenterer for to alternativ. Ein region med hovudtyngd av kommunane i noverande Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, eller ein region med Hordaland, Sogn og Fjordane og sør-delen av Møre og Romsdal. Kommunen legg til grunn at framtidige bu- og arbeidsmarknadsregionar må vere grunnsteinane i regionavgrensinga. Vidare bør ikkje byregionar delast opp. Kommunen meiner regionane bør ha ansvar for oppgåver som er spesielle for regionen – t.d. samfunns-utvikling, nærings- og sysselsettingspolitikk, planlegging og samfunnssikkerheit der det er store skilnader i utfordringar på Vestlandet og Oslofjordområdet.</p>	<p>lokalsamfunna.</p> <p>To alternativ: 1. Region med hovudtyngd av kommunane i noverande SF og Møre og Romsdal. 2. Region med Hordaland, SF og sør-delen av Møre og Romsdal.</p> <p>Regionane bør ha ansvar for oppgåver som er spesielle for regionen.</p>
Gloppen kommune	<p>Nye folkevalde regionar må få tilført nye samfunnsoppgåver, elles er det ikkje grunnlag for ei samling av dei tre vestlandsfylka. Intensjonsplanen sitt hovudmål 6 opnar for at dei tre fylkeskommunale energiselskapa BKK, SFE og LYSE skal forvaltast på ein annan måte enn i dag. Det er sannsynleg at sentrale myndigheiter vil krevje fusjon/samanslåing av nettdelen til desse selskapa med uheldige verknader for arbeidsplasser i Gloppen og Flora kommunar. Gloppen kommune vil at Sogn og Fjordane seier nei til eksisterande intensjonsplan, og startar forhandlingar med berre Hordaland. Sogn og Fjordane skal ikkje splittast opp, og Nordfjord skal ikkje fradelast til Møre og Romsdal. Gloppen formannskap er uroa over at intensjonsplanen ikkje omhandlar hjørnesteinbedrifta SFE og sikrar denne. Nynorsk som administrasjonsspråk.</p>	<p>Negativ til Vestlandsregionen med Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.</p> <p>Nynorsk som administrasjonsspråk.</p>
Stryn kommune	<p>Kan ikkje sjå at intensjonsplanen vil vere tenleg for Stryn og Sogn og Fjordane og oppmodar om at han vert forkasta. Ser ein region beståande av Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland som ein langt betre konstellasjon. Føreset at Sogn og Fjordane ikkje blir delt.</p>	<p>Nei til intensjonsavtalen. Vil heller ha SF, Hordaland og Møre og Romsdal. Ikkje del SF.</p>
Sunnfjord		
Flora kommune (administrativ tilråding)	<p>Støttar intensjonsplanen. Overføring av viktige samfunnsoppgåver frå stat til den nye regionen er eit overordna vilkår. Vidare bør kollektivtransport og vidaregåande opplæring framleis liggje til regionalt nivå. Dagens fylke bør også gå inn i regionen i sin heilskap og på like vilkår. Fylkesmannen bør få ei organisering som speglar den nye regionen, og fylkesmannsembetet skal ha ein desentralisert forvaltningsmodell med leiing frå Sogn og Fjordane. Med eit kommune- og regionlandskap i endring, bør rolla som regional utviklingsaktør vere særleg viktig. Ved å styrke samarbeidet med kommunane og regionråda, vil denne rolla bli tydelegare. Flora kommune meiner fylket kjem godt ut med omsyn til oppgåver når det gjeld politisk og administrativ organisering, og legg vekt på at vi må bygge opp ein sterk kulturadministrasjon og vegadministrasjon i fylket. Administrasjonsspråket må vere</p>	<p>Positiv til intensjonsplanen.</p> <p>Overføring av oppgåver eit vilkår.</p> <p>SF ikkje delast.</p> <p>Organiseringa av Fylkesmannen må spegle den nye regionen.</p> <p>Nynorsk.</p>

Askvoll kommune	nynorsk. SF må ikkje delast. Elles positiv til at SF slår seg saman med andre fylke. SF blir ytterkant i Vestlandsregionen, grunn til å uroe seg over korleis dette viser att i prioriteringane. Bør difor arbeide for å få med Møre og Romsdal i den nye regionen, med eller utan Rogaland. Intensjonsavtalen er akseptabel for SF. Svært nøgd med semja om å krevje fylkesmannsadministrasjonen til SF. Nynorsk må vere administrasjonsspråk. Tannhelsetenesta skal leggjast til kommunane.	Positiv til samanslåing. Bør få med Møre og Romsdal, med el. utan Rogaland. Nynorsk. Tannhelse til kommunane.
Fjaler kommune	Støttar intensjonsavtalen med følgjande merknadar: 1) Fjaler kommune ber om at det vert arbeid for å inkludere heile eller delar av Møre og Romsdal i regionen. 2) Fjaler kommune legg til grunn at nynorsk vert administrasjonsspråk/tenestemål. 3) Fjaler kommune meiner det ikkje må stillast som vilkår at tannhelsetenesta ikkje vert overført til kommunane.	Positiv til intensjonsavtalen. Bør inkludere heile eller delar av Møre og Romsdal. Nynorsk. Tannhelsetenesta kan gå til kommunane.
Gaular kommune Jølster kommune	Ikkje motteke høyringsfråsegn innan 29.11.2016. Jølster kommunestyre ber fylkestinget om å gjennomføre folkerøysting om den nye Vestlandsregionen. Meiner Sogn og Fjordane bør bestå som fylkeskommunal eining også i framtida.	Ønskjer folkerøysting.
Førde kommune	Støttar intensjonsavtalen. Understrekar premissane som ligg i pkt. 10. i intensjonsavtalen. Det er vidare viktig at nynorsk blir regionen sitt offentlege administrative skriftspråk. Det er også viktig at eit samla Sogn og Fjordane fylke blir med i den nye regionen.	Positiv til intensjonsavtalen. Nynorsk. SF ikkje delast.
Naustdal kommune	Det må vere folkerøysting før fylkestinget gjer vedtak i saka. Det har vore lite tid til å handsame denne saka, meiner handsamingsmåten har vore udemokratisk. Intensjonsplanen byggjer på fleire premisar, som det ikkje er gjeve svar på frå sentrale styresmakter, bl.a. oppgåvefordeling og lokalisering av fylkesmannembetet. Nynorsk som administrasjonsspråk må vere eit krav. Identitet og tiltru er avgjerande for økonomisk utvikling, tiltaksløst og engasjement. For å sikre desse kvalitetane, er det avgjerande at SF held fram som eige fylke. Storregionar vil gje auka byråkrati, sentralisering og mindre folkestyre. Ikkje rett at slike regionar skal overta viktige samfunnsoppgåver frå staten.	Negativ til samanslåing. Folkerøysting. Oppgåver før samanslåing. Nynorsk. SF som eige fylke. Storregionar = meir byråkrati og sentralisering og mindre folkestyre
Sogn Gulen kommune	Støttar intensjonsavtalen med følgjande merknad: Gulen kommune legg til grunn at nynorsk vert administrasjonsspråk/tenestemål.	Positiv til intensjonsavtalen. Nynorsk.
Solund kommune	Ikkje motteke høyringsfråsegn innan 29.11.2016.	

Hyllestad kommune	Balansert intensjonsavtale, som syner vilje til å ta omsyn til og vidareutvikle både bygder og byar. Viktig å styrke det i vidare forhandlingar. Føresetnad og krav at regionen vert tilført nye oppgåver og arbeidsplassar. Statens eigne regionale inndelingar bør følgje ny regional inndeling. Nynorsk må vere tenestespråk. Ein må ha utjamningsordning for val til Vestlandsregionen. Stortingsval – naturleg at den nye regionen vert eitt valdistrikt, men må ha ordning for at alle område vert representerte. SF må ikkje delast. Ulemper: Misser kontroll med SFE og lett at vårt område blir oversett innanfor eit fellesskap på 1,1 mill. innbyggjarar.	Positiv til Vestlandsregionen. Nynorsk som tenestemål.
Høyanger kommune Vik kommune	Ikkje motteke høyringsfråsegn innan 29.11.2016. Støttar intensjonsplanen. Kommunen legg til grunn at Stortinget vedtek og gjennomfører dei premissane som er nedfelte i pkt. 10 i intensjonsplanen. Absolutt krav at fylka i sin heilskap inngår i den nye regioneininga, at administrasjonsspråket blir nynorsk, at fylkesmannsembetet får ei regional inndeling som samsvarar med det folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur og at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke. Kommunen viser til intensjonsavtalen, der det heiter at Vestlandsregionen gjennom ei kontinuerleg satsing på infrastruktur og kommunikasjonar skal nytte synergjar mellom vekstkraftige sentra og omlandet betre. I den samanhengen vil Vik kommune peike på realisering av Vikafjellstunnelen som eit avgjerande prosjekt for å binde den nye regionen saman.	Positiv til intensjonsplanen. Heile fylka må med. Nynorsk. Fylkesmannen samsvare geografisk med regionen og ha desentralisert forvaltning i dagens fylke. Vikafjellstunnelen.
Balestrand kommune Leikanger kommune	Ikkje motteke høyringsfråsegn innan 29.11.2016. Leikanger kommunestyre støttar opp om intensjonsplanen for samanslåing i ein felles region. Ein legg til grunn at Stortinget vedtek og gjennomfører premissane i intensjonsavtalen (kap. 10). Ein legg vekt på kravet om at fylka i sin heilskap inngår i regioneininga, at fylkesmannsembetet får ei regional inndeling som samsvarar med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur, og at fylkesmannsembetet får ei desentralisert forvaltning med leiing frå Sogn og Fjordane.	Positiv til Vestlandsregionen.
Sogndal kommune	Støttar intensjonsplanen. Legg til grunn at Stortinget vedtek og gjennomfører dei premissane som er nedfelte i intensjonsavtalen kap. 10, og at nynorsk vert administrasjonsspråk for den nye regionen. Det må vere eit absolutt krav at fylka i sin heilskap inngår i den nye regioneininga, at fylkesmannsembetet får ei regional inndeling som samsvarar med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur og at fylkesmannsembetet skal ha ei desentralisert forvaltning lokalisert i dagens fylke med leiing plassert på Leikanger i Sogn og Fjordane.	Positiv til intensjonsplanen. Nynorsk. Heile fylka må med. Fylkesmannen samsvare geografisk med regionen og ha desentralisert forvaltning i dagens fylke, med leiing plassert på Leikanger.
Aurland kommune	Støttar intensjonsplanen. Kommunen føreset at Stortinget vedtek og gjennomfører dei premissane som er nedfelte i kap. 10 i intensjonsplanen. Aurland kommune legg elles til grunn at fylka i sin heilskap inngår i den nye regioneininga, at administrasjonsspråket blir nynorsk, at fylkesmannsembetet får ei regional inndeling som	Positiv til intensjonsplanen. Heile fylka må med. Fylkesmannen samsvare geografisk med regionen og ha desentralisert

	samsvarar med det nye folkevalde regionale nivået sin geografiske struktur med leiing plassert på Leikanger i Sogn og Fjordane samt at den nye vestlandsregionen får nye oppgåver frå staten og at statlege institusjonar vert flytta og lokalisert til regionen.	forvaltning i dagens fylke, med leiing plassert på Leikanger. Må få nye statlege oppgåver.
Lærdal kommune	Nei til intensjonsplanen. Samanslåinga vil flytte makt, tenester og arbeidsplassar ut av fylket, og skape unødvendig avstand mellom dei styrande og lokalsamfunna. Kommunen saknar ei stor og tydeleg plusside, og kommunen meiner sentrale styresmakter må gjere det klart kva oppgåver som skal delegerast til regionane før fastset struktur. Ei samanslåing vil innebere store avstandar. Demokratisk medverknad vert sterkt svekka ved at tal fylkestingsmedlemar samla sett vert redusert til 71 representantar. Kommunen er skeptisk til å etablere ein samla valkrins, noko som kan gje Sogn og Fjordane redusert representasjon på Stortinget. Nynorsk må vere både statleg tenestemål og fylkeskommunalt/regionalt administrasjonsmål i ein ny region. Dette er ikkje godt nok sikra i den framforhandla intensjonsplanen. Samanslåing av fylke på Vestlandet vil bli den største regionale endringa på fleire hundre år, og vil utfordre identiteten innbyggjarane har knytt til eige fylke. Endringane vil vere nærast irreversible, og Lærdal kommune meiner innbyggjarane bør få høve til å seie si meining om dette gjennom ei folkerøysting.	Negativ til intensjonsplanen. Vil føre til unødvendig avstand mellom dei styrande og lokalsamfunna. Oppgåver før samanslåing. Svekka demokratisk medverknad. Skeptisk til samla valkrins. Nynorsk. Folkerøysting.
Årdal kommune	Om Stortinget vedtek regionreform, så støttar Årdal kommune intensjonsplanen. Legg til grunn at premissane i punkt 10 vert gjennomførte. SF ikkje delast. Fylkesmannsembetet må få regional inndeling som samsvarer med dei folkevalde regionane geografisk, og det må ha ei desentralisert forvaltning med leiing plassert på Leikanger. Nynorsk må vere administrasjonsspråk.	Positiv til intensjonsplanen. SF ikkje delast. Fylkesmannen ha same geografisk inndeling sin regionen og ha leiing på Leikanger. Nynorsk.
Luster kommune	Samanslåing av dei tre fylka vil skape unødvendig stor avstand mellom dei styrande og lokalsamfunna i SF. Ein samla valkrins vil truleg gje dagens SF redusert representasjon på Stortinget. Mynde og tenesteområde må på plass før ein diskuterer struktur. Om Stortinget vedtek endringar i fylkesstruktur, er det beste alternativet samanslåing av SF og Hordaland. Fleire etatar er alt på veg inn i denne geografiske inndelinga. Ufråvikeleg krav om nynorsk som statleg tenestemål og administrasjonsspråk. Innbyggjarane bør få høve til å delta i folkerøysting, då ei ev. samanslåing vil utfordre identiteten innbyggjarane har til dagens fylke. Ber om at det blir utarbeidd ein ny intensjonsavtale for SF og Hordaland.	Negativ til Vestlandsregionen. Om Stortinget vedtek endringar, ønskjer ein samanslåing av SF og Hordaland. Ønskjer folkerøysting. Nynorsk som adm.språk og tenestemål frå staten
Statlege etatar		
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane støttar intensjonsplanen. Legg vekt på at den nye regionen må få desentralisert forvaltning, og at prinsippet om ei balansert regional utvikling i dei tre fylka når det gjeld fordeling av leiarfunksjonar og kompetansesarbeidsplassar òg skal gjelde ved tildeling av nye oppgåver til ein ny og større region. Understrekar vidare at ein ny vestlandsregion må få tilført oppgåver, mynde og verkemiddel som kan gje auka kraft til rolla som regional samfunnsutviklar. Lite tenleg med	Støttar intensjonsplanen. Ny region må få nye oppgåver, mynde og verkemiddel. Fylket må ikkje delast. Nynorsk som

	overføring av det som i all hovudsak er forvaltnings- og kontrolloppgåver frå Fylkesmannen til ein ny folkevald region. Dersom Stortinget vedtek ei ny regioninndeling som gjev vesentlege skilnader i folketal og areal mellom dei ulike regionane, bør det samstundes vurderast ei differensiert oppgåvefordeling mellom regionane. Fylkesmannen legg til grunn at fylket ikkje skal delast, , og det vert sett på som sjølvstøtt at nynorsk vert administrasjonsspråk. Ein føreset òg at intensjonsplanen sitt kap. 10 e) om ei desentralisert forvaltning med leiing frå Sogn og Fjordane, vert oppfylt dersom fylkesmannsembeta vert slegne saman.	administrasjonsspråk.
Statens vegvesen Region Vest	Tek utgangspunkt i at føreslått samanslåing vil innebere ein folkevald region med same geografiske omfang som Statens vegvesen Region Vest har i dag. Det er ei føremon, og vil gjere det enklare å utvikle det gode samarbeidet som alt er etablert. Ein samla vestlandsregion kan gje positive effektar innanfor vegvesenet sitt ansvarsområde knytt til rolla som samfunnsutviklar. Dette vil både innebere ei meir samla utvikling av det regionale vegnettet, og evna til å sjå ulike transportformer i samanheng over større geografiske område. Ein samla region kan også medføre meir miljøvenleg transport i dei store byane. Etter forvaltningsreforma i 2010 har alle tre fylkeskommunane teke større ansvar som vegeigar ved å profesjonalisere og styrke bestillarrolla innanfor sams vegadministrasjon. Positivt for vegvesenet som leverandør av tenester innanfor sams vegadministrasjon. Positivt at relativt små fagmiljø kan utviklast med omsyn til kompetanse og kapasitet.	Fordel at ein med samanslåing vil få same geografiske omfang som Statens vegvesen Region Vest. Meir samla utvikling av det regionale vegnettet.
Noregs vassdrags- og energidirektorat	Noregs vassdrags- og energidirektorat har ikkje merknader til intensjonsplanen for samanslåing til ein ny folkevald vestlandsregion.	Ingen merknadar.
Politiske parti, lokallag og utval		
Fylkesrådet for eldre	Føreset at dei lovpålagde råda for ein rimeleg geografisk representasjon.	
Bremanger senterparti	Regionreforma er ei sentraliseringsreform, som vil svekke lokaldemokratiet og ikkje gje betre kår for innbyggjarane i dagens SF. Vanskeleg å ta stilling til samanslåing, før ein veit kva oppgåver regionen får.	Negative til samanslåing. Sentraliseringsreform.
Eid Unge Venstre	SF for lite til å halde fram som eige fylke, bra at ein no prøver å vere med og avgjere framtida si. Følgjande kommentarar til intensjonsavtalen: Målforma i den nye regionen må vere nynorsk. Må fjerne premissen om at den offentlege tannhelsetenesta skal liggje til fylkeskommunen. Legg til punkt om ungdoms-medverknad, t.d. fylkesting for ungdom. Den nye regionen må få overført oppgåver og ansvar frå staten.	Positive til samanslåing. Nynorsk. Tannhelsetenesta kan liggje til kommunane. Ungdomsmedverknad og nye oppgåver.
Gloppen SV	SF bør halde fram som eiga eining. Risikerer at dagens SF får svært få representantar i det nye regionstinget. Ønsket om at leiinga for Fylkesmannen skal vere i SF er først og fremst eit ønske, har lite med politiske realitetar å gjere. Ein storregion bør i det minste vedta nynorsk som administrasjonsspråk og tenestemål. Uroa over at intensjonsavtalen ikkje seier noko om SFE. Ikkje forsvarleg å seie ja til storregion før ein har avklart om det er mogleg å halde på lokal eigarskap i SF. Den vidaregåande skulestrukturen er i spel. Våre interesser vil stå mot meir	Negativ til samanslåing. Nynorsk. SFE

	folketette område. Ikkje gje frå oss SF før vedtak om oppgåvefordeling er gjort i Stortinget.	
Gulen Høgre	Intensjonsavtalen er eit godt utgangspunkt for å forhandle fram ein vestlandsregion. I vidare arbeid bør medlemmane i fellesnemnda og arbeidsutvalet utgjere heile spekteret av parti og folkevalde. Om arbeidet med Vestlandsregionen strandar, ber ein at Gulen blir sett på særskilt. Heng tett saman med kommunane i Nordhordland både geografisk, kulturelt og næringsssamanheng og høyrer naturleg til der.	Positiv til Vestlandsregionen.
Naustdal Høgre	Intensjonsavtalen gjev SF mange fordelar, sikrar viktige arbeidsplassar. Nynorsk som administrasjonsspråk er vilkår for ny region. Viktig at nye oppgåver vert tilført heile regionen. Tannhelse høyrer til under primærhelsetenester og bør leggjast til kommunane. Dei tre fylka bør ha like mange representantar i fellesnemnda og arbeidsutvalet i vidare arbeid med regionreforma. SF bør peike ut byområde, som skal vere ein motor den nye regionen satsar på. Om SF seier nei til avtalen, kan få alvorlege konsekvensar. I felles vestlandsregion får SF ei stemme. Om SF blir ståande aleine opp mot/mellom dei store, vil ein knapt bli høyrte.	Positiv til intensjonsavtalen. Nynorsk er krav. Tannhelse til kommunane.
Samfunnsdemokratane	Regionreforma for stor sak til at tre fylkesordførarar kan avgjere. Vestlandsregionen blir for stor. Nye, store oppgåver er ein føresetnad for intensjonsavtalen. Regionreforma er storstila sentralisering. Utan folkerøysting er reforma eit demokratisk problem. Seier nei til intensjonsavtalen. SF skal ikkje delast. Uroa over at avtalen ikkje omhandlar SFE og sikrar denne med tanke på lokalisering og oppgåver. Stor region krev valordning med utjamningsmandat. Nynorsk må vere administrasjonsspråk og tenestemål.	Negativ til intensjonsavtalen. Oppgåver før samanslåing. Nynorsk. SFE
Stryn Arbeidarparti	Det burde vore klart kva oppgåver den nye regionen får tilført før ein ev. slår saman. Flytting av politisk makt og medverknad frå dagens fylke til meir folkerike område vil gje svekka lokaldemokrati. Større avstand mellom innbyggjarar og folkevalde. Intensjonsavtalen bind ikkje det politiske fleirtalet i ein ny region. Difor ikkje usannsynleg at funksjonar som i dag er tenkt lokaliserte i Sogn og Sunnfjord, blir flytta med tida. Langt frå Nordfjord til Stavanger → Nordfjord kan kome svekka ut på mange viktige område. Seier nei til intensjonsavtalen. Den beste løysinga for framtidsretta region på Vestlandet er ein region med Hordaland, SF og Sunnmøre. Burde ha vore folkerøysting.	Negativ til intensjonsavtalen. Vil heller ha region med Hordaland, SF og Sunnmøre. Folkerøysting.
SV-laga i Naustdal, Jølster, Gaular og Førde	Seier nei til intensjonsplanen. SF bør halde fram som eige fylke. Må få svar på kva oppgåver ein ev. ny region får før ein slår saman. Må også få avklart lokalisering for Fylkesmannen. Nynorsk som administrasjonsspråk i ev. ny region er ufråvikeleg krav. Ikkje rett at nye regionar tek over statlege oppgåver. Nasjonale styresmakter må ta avgjerder og forvalte viktige område – for å sikre utjamning og likeverdige forhold. Nye storregionar vil gje auka byråkrati, sentralisering og mindre folkestyre.	Negativ til intensjonsplanen. Oppgåver før samanslåing. Nynorsk.
Selje senterparti	Nei til intensjonsavtalen. Ikkje grunnlag for samanslåing før nye, store oppgåver er på plass. Om samanslåing, må ha valordning med utjamningsmandat. Nynorsk som administrasjonsspråk er absolutt krav. For å halde fram	Negativ til intensjonsavtalen. Oppgåver før samanslåing.

	<p>arbeidet med regionreforma, må ein innlemme Møre og Romsdal i Vestlandsregionen. Om ikkje, kan SF halde fram som eige fylke.</p>	<p>MR må med.</p>
<p>Senterungdomen i Sogn og Fjordane</p>	<p>Ber fylkestinget seie nei til intensjonsavtalen. Storregion vil gje reduksjon i tal folkevalde per veljar, og avstanden mellom folkevalde og veljarar vil auke → svekka demokrati. Dagens valkrinsar bør oppretthaldast. Uroa for at skular kan bli nedlagde i ny region. Prosessen går for fort, bør få på plass oppgåver før ein slår saman fylke. Og det bør vere folkerøysting. Om det blir samanslåing, føreset Senterungdomen at</p> <ul style="list-style-type: none"> - dei vidaregåande skulane i fylket vert oppretthaldne - nynorsk vert administrasjonsspråk - aksjane i SFE vert overførte til kommunane i fylket - pengane SF fylkeskommune har på bok skal ikkje gå til å betale ned gjeld for Rogaland og Hordaland - den nye regionen får nye og tunge samfunnsoppgåver og -ansvar - ungdomskortet må utvidast til regionnivå - dagens valkrinsar består. 	<p>Nynorsk.</p> <p>Negative til intensjonsavtalen.</p> <p>Folkerøysting</p> <p>Nynorsk</p> <p>SFE</p> <p>Dagens valkrinsar må bestå</p>
<p>Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne</p>	<p>Vestlandsregionen vil gje svekka demokratisk representasjon. Regjeringa har ikkje kome med avklaring om nye oppgåver, då treng ein ikkje region framfor fylke. Store avstandar i ny region, utfordrande. Ved samanslåing, kan arbeidsplassar i SF over tid gå tapt. Lenger reiseveg til jobb → belastande for menneske me nedsett funksjonsevne. Det bør haldast folkerøysting. Fylkesrådet kritisk til å ikkje ha blitt involvert i utforminga av intensjonsavtalen. Uansett fylkesstruktur i framtida, føreset fylkesrådet</p> <ul style="list-style-type: none"> - at brukarmedverknaden blir like representativ som i dag - effektiv og enkel samhandling mellom tenesteetatar - meir tilrettelegging for universell utforming enn i dag - kompetansmiljøa må kome alle innbyggjarar til gode - innbyggjarane skal ha nærleik til tenestene - prinsippet om brukarmedverknad må følgjast i det vidare arbeidet med intensjonsplanen 	<p>Negativ til intensjonsplanen.</p> <p>Oppgåver før samanslåing.</p>
<p>Gaular Senterparti</p>	<p>Nei til intensjonsavtalen, SF bør halde fram som eige fylke. Burde ha vore ei rådgjevande folkerøysting. SF må også i framtida vere eige valdistrikt og ha eigen representasjon til Stortinget. Verdiane og arbeidsplassane i SFE må tryggast i SF. Nynorsk må vere administrasjonsmål.</p>	<p>Nei til intensjonsavtalen.</p> <p>Folkerøysting.</p> <p>SFE.</p> <p>Eige valdistrikt.</p>
<p>Vågsøy Senterparti</p>	<p>Ikkje grunnlag for samanslåing før fylka/regionane får tilført vesentlege, nye oppgåver. Nei til intensjonsavtalen. SF må ikkje splittast opp. Uroa over at avtalen ikkje seier noko om SFE og sikrar verksemda med tanke på lokalisering og verdjar. Nynorsk som offisielt språk er sjølvsagt. SF må vere eige valdistrikt, også til Stortinget. Vågsøy må få fleire statlege arbeidsplassar. Måløy vidaregåande skule og utdanningsmiljøet rundt må ivaretakast og vidareutviklast. Kystvegen må framskundast.</p>	<p>Nei til intensjonsavtalen.</p> <p>SF ikkje delast.</p> <p>SFE</p> <p>Nynorsk</p> <p>Vågsøy-området må vidareutviklast.</p>
<p>Sogn og Fjordane KrF</p>	<p>SF må gå samla inn i ny region. Intensjonsavtalen er balansert, alle område skal takast omsyn til og sikrast vidare vekst. Viktig moment også i vidare arbeid. Ny region må få</p>	<p>Positiv til intensjonsplan.</p> <p>Nynorsk.</p>

	<p>fleire oppgåver og arbeidsplassar som i dag er lokaliserte i og rundt hovudstaden. Staten sine egne regionale inndelingar må følgje den regionale inndelinga. Nynorsk må vere tenestespråk. Den nye regionen bør heite Vestlandet eller Vestlandsfylket. Gjennomgåande vegar som bind Vestlandet saman, interne flyruter og flytting av gods frå land til sjø må styrkast. Ein må ha gode aust-vest-løysingar. Viktig med utjamningsordning for val til nytt regionting. Naturleg at nye grenser ligg til grunn for valdistrikt til stortingsval.</p>	<p>Kommunikasjon viktig.</p> <p>Utjamningsordning.</p>
<p>Senterungdommen Midtre Sogn</p>	<p>Skeptiske til den hastige prosessen med regionreforma. Nei til intensjonsavtalen. Samanslåing uaktuelt så lenge det ikkje er avklart kva oppgåver det regionale nivået skal ha. Om oppgåvemeldinga tilseier det, start nye forhandlingar med Hordaland og ev. Sunnmøre, ikkje Rogaland. Ta då utgangspunkt i eksisterande intensjonsavtale. Nynorsk må vere administrasjonsspråk. Opplæringsavdelinga må leggjast til Leikanger. Valkrinsane til Stortinget må vere som i dag. SFE-aksjane må overførast til kommunane ved ev. samanslåing. Folkerøysting før samanslåingsvedtak. SF ikkje delast.</p>	<p>Negativ til intensjonsavtalen.</p> <p>Oppgåverfordeling først</p> <p>Nye forhandlingar med Hordaland og ev. Sunnmøre. Rogaland ut.</p> <p>Nynorsk</p> <p>Valkrinsar som i dag.</p>
<p>AUF i Sogn og Fjordane</p>	<p>Skeptiske til ny stor vestlandsregion med desse tre fylka. Særleg fordi det ikkje er avklart kva nye, statlege oppgåver regionane får. Samanslåingsplanane må leggjast på is om ikkje dette vert klart. Desentralisert struktur for t.d. vidaregåande skular, tannhelse og kultur er føresetnar for ny region. Har ein del innspel til kapittelet i intensjonsavtalen om tilsette sine rettar. Ny vestlandsregion må ikkje føre til meir konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester. Bør vere rådgjevande folkerøysting over intensjonsavtalen. Nynorsk må vere administrasjonsspråk.</p>	<p>Skeptisk til intensjonsavtalen.</p> <p>Oppgåver før samanslåing.</p> <p>Halde på desentralisert struktur.</p> <p>Tilsetteomsyn.</p> <p>Nynorsk.</p> <p>Folkerøysting.</p>
<p>Stryn KrF</p>	<p>SF må samla inn i ny region. Må vere desentralisert tenestetilbod også i framtida. Føresetnad at større regionar får tilført fleire oppgåver og arbeidsplassar som i dag ligg i og rundt hovudstaden. Tyngdepunktet i Vestlandsregionen vert liggjande for langt sør. Har sterkt ønske om å få heile eller delar av Møre og Romsdal inn i same region som SF og Hordaland. Viktig med utjamningsordning for val til nytt storfylke. Naturleg at nye grenser vert lagt til grunn for valdistrikt til stortingsval.</p>	<p>Positiv til intensjonsavtalen.</p> <p>Må få fleire oppgåver.</p> <p>Vil ha med Møre og Romsdal.</p> <p>Utjamningsordning.</p>
<p>Luster AP</p>	<p>Nei til intensjonsavtalen. Mynde og tenesteområde må på plass før ein diskuterer struktur. Demokratisk medverknad vert sterkt svekka i så stor region som Vestlandsregionen. Om Stortinget vedtek endringar i fylkesstrukturen, er det beste alternativet å slå saman SF og Hordaland. Ufråvikeleg krav om nynorsk som administrasjonsspråk og statleg tenestemål. Bør vere folkerøysting. Ber om at det blir utarbeidd ny intensjonsavtale for SF og Hordaland som felles region.</p>	<p>Negativ til intensjonsavtalen.</p> <p>Oppgåver før samanslåing.</p> <p>Vil heller ha SF og Hordaland i ny region.</p> <p>Nynorsk.</p> <p>Folkerøysting.</p>
<p>Senterkvinnene i Sogn og Fjordane</p>	<p>Regionreforma er sentraliseringsreform, som vil svekke lokaldemokratiet. Vanskeleg å ta stilling til ny region før ein</p>	<p>Negative til regionreforma.</p>

	veit kva oppgåver denne skal ha. Meiner ikkje denne reforma vil gje betre kår for innbyggjarane i SF.	
Raudt Sogn og Fjordane	Sterkt imot at SF blir del av Vestlandsregionen. Baktanken er å flytte byråkratiet og dei politiske organa lenger vekk frå innbyggjarane, tilsette, bygder og kommunar. Er overtydde om at arbeidet for privatisering er ei hovuddrivkraft i arbeidet for større kommunar og fylke/regionar. Misnøgde med at intensjonsavtalen ikkje tek avgjerande omsyn til nynorsken. Uroa over lagnaden til SFE og Fjord1. Krev at fylkestinget avviser samanslåing med Hordaland og Rogaland. Om fylkestinget går for samanslåing, krev Raudt folkerøysting for endeleg avgjerd.	Negativ til Vestlandsregionen. Svekka demokrati. Privatisering baktanken. Nynorsk. SFE. Folkerøysting.
Miljøpartiet Dei Grøne Fjaler	Nei til intensjonsavtalen i noverande form. Små einingar i nettverk fungerer betre enn ei stor eining styrt frå toppen. Interfylkesamarbeid framfor samanslåing. Mindre administrative einingar meir økologisk berekraftige enn store. Nye miljøkrav for å halde fram forhandlingar. Realistiske, konkrete mål innanfor vedtekne nasjonale og internasjonale avtalar må inn i avtalen. Nynorsk som administrasjonsspråk.	Nei til intensjonsavtalen. Nye miljøkrav inn. Nynorsk.
Hyllestad SP	Regionreforma ei stor sentraliseringsreform, som ikkje vil gje betre kår for innbyggjarane i SF. SF bør halde fram som eige fylke, pga. det er ikkje lagt til grunn oppgåver som gjer at det er behov for større region. Dersom det blir samanslåing ved tvang, skal ikkje fylket delast. Ein må då byggje vidare på lokale tingingar mellom fylka. Nynorsk som adm.språk er ein føresetnad, og SF før vere eigen valkrins til stortingsval.	Negativ til Vestlandsregionen. Nynorsk som adm.språk. SF som eigen valkrins til stortingsval
Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane (UPU)	Fylkesting for ungdom har vedtak mot samanslåing. UPU kjem her med innspel etter gruppediskusjonar på nettverkssamling for ungdomsråd i fylket. Viktig at SF vert styrka og ikkje vert for små i den store regionen. Krav om å oppretthalde dagens vidaregåande skular. Må betre vegar og kollektivtransport, dagens ungdomskort i SF må gjelde for regionalt nivå. Ønskjer også kulturkort. Viktig at ungdomsdemokratiet framleis spelar viktig rolle, må vere låg terskel for å engasjere seg. Vern om oppseiing i femårsperiode burde presisere at arbeidsplassen er der han er i dag. Positivt om stor eining får meir å seie nasjonalt. Fylket må ikkje splittast. Nynorsk. Ønskjer folkerøysting m. utvida røysterett (16 år).	Fylkesting for ungdom mot samanslåing. Nynorsk som adm.språk. Ønskjer folkerøysting.
Leikanger SV og SP	Ser ikkje grunnlag for å slå saman fylkeskommunar no. Fylkeskommunane har ikkje utfordringar med å utføre noverande oppgåver. Det er uklart kva nye oppgåver ein større fylkeskommune/region vil få. Den geografiske avstanden mellom regional forvaltning og kommunane vil auke med ein Vestlandsregion. Viktig at regionalt folkevald nivå har kunnskap om, og god kontakt med, kommunenivået. Kommunestrukturen blir, ut frå dei vedtak som er gjort lokalt, neppe vesentleg endra i nær framtid. Ein vurderer det som uheldig at intensjonsplanen legg opp til ein valkrins i ein ny region. Dette vil kunne medføre at store delar av regionen blir ståande utan demokratisk representasjon på Stortinget. Dersom Stortinget vedtek Vestlandsregionen, må følgjande krav imøtekomast: Ein ny region må få overført vesentleg fleire oppgåver frå staten. Fylkeskommunen og Fylkesmannen må ha identisk	Negativ til Vestlandsregionen med Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Nynorsk som administrasjonsspråk.

Stryn Senterparti	<p>regioninndeling. Nynorsk vert administrasjonsspråk.</p> <p>Regionreforma er ei sentraliseringsreform som ikkje vil gje betre kår for innbyggjarane i fylket. Stryn senterparti seier nei til den framforhandla intensjonsplanen mellom Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Ein meiner Sogn og Fjordane fylkeskommune er godt rusta til å ta på seg nye oppgåver også i framtida. Dersom ein likevel skal ha ein større region, er det nødvendig å samarbeide nordover, ikkje berre sørover frå vårt fylke.</p>	<p>Negativ til Vestlandsregionen med Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.</p>
Jølster Venstre	<p>Regionreforma er viktig og får særleg konsekvensar for samhandling mellom kommunane, regionnivået og staten. I Sunnfjord ønskjer kommunane å slå saman kommunane Førde, Jølster, Gaular og Naustdal. Jølster Venstre rosar Sogn og Fjordane fylkeskommune som har framforhandla intensjonsplanen for samanslåing av dei tre vestlandsfylka. Ein støttar planen om samanslåing, men har to punkt ein ønskjer å endre: Premiss om at den offentlege tannhelsetenesta skal ligge til regionene vert fjerna. Nynorsk vert administrasjonsspråket i Vestlandsregionen.</p>	<p>Positiv til Vestlandsregionen med Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.</p>
<p>Arbeidstakarorganisasjonar</p>		
Tannlegeforeningen	<p>Glad for at ein i forslaget til regionreform har via tannhelsetenesta så mykje merksemd. Tannlegeforeningen både sentralt og lokalt er svært skeptiske til å overføre tannhelsetenesta til kommunane.</p>	<p>Vil ha tannhelsetenesta på fylkes-/regionsnivå.</p>
LO Sogn og Fjordane	<p>Dette er ikkje eit endeleg svar om LO seier ja eller nei til Vestlandsregion, men er i utgangspunktet skeptisk til ein region med dei tre fylka. Særleg då nye, statlege oppgåver til regionane ikkje er klarlagde. Nye oppgåver klar føresetnad for ny region. Ein samla region på Vestlandet vil kunne konkurrere med hovudstadsområdet, det kan bli lettare å få til større private etableringar og statlege oppgåver og arbeidsplassar. Viktig å halde på desentralisert tenesteyting. Rettane til tilsette er tekne godt i vare i intensjonsavtalen, men LO ønskjer likevel å ha med nokre endringar/presiseringar på dette området. Ein ny vestlandsregion må ikkje føre til meir konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester. Svært viktig for SF at Fylkesmannen blir liggjande her. Må unngå oppsplitting av SF. Nynorsk må vere hovudspråk i Vestlandsregionen.</p>	<p>Skeptiske til Vestlandsregionen.</p> <p>Oppgåver før samanslåing.</p> <p>Desentralisert tenesteyting.</p> <p>Ikkje meir konkurranseutsetting og privatisering.</p> <p>Nynorsk.</p> <p>SF må vere samla.</p>
Forskerforbundet i Sogn og Fjordane fylkeskommune	<p>Forskarforbundet trekkjer fram spørsmål som koplar rolla som framtidig arbeidsgjevar til samfunnsutviklarrolla til ein vestlandsregion. Her peikar ein på nødvendigeita av at ein legg på plass ein strategi for brei fagleg og geografisk rekruttering. Det er viktig å kunne rekruttere den beste fagkompetansen uavhengig av kvar leiingsansvaret er geografisk plassert.</p> <p>Intensjonsplanen legg opp til at ein vestlandsregion skal ha fire hovudutval, og at desse vil danne utgangspunktet for korleis og kvar den administrative leiinga skal vere plassert. Det vert slik sett lagt opp til ei sentralisering av alle administrative leiarfunksjonar. Fleire organisasjonar er uroa for at dette kan gjere det vanskelegare å rekruttere til nøkkelstillingar og stillingar med spisskompetanse i områda langt unna toppleiinga. Det er viktig at vestlandsregionen har eit mål om, og ein konkret plan for, å halde på kompetansearbeidsplassar i heile organisasjonen og i heile regionen. Med ein sentralisert leiarstruktur er det viktig å</p>	<p>Viktig med strategi for fagleg og geografisk rekruttering.</p> <p>Må ha mål om og plan for å halde på kompetansearbeidsplassar i heile organisasjonen og heile regionen.</p> <p>Kva får sentralisering av ulike funksjonar å seie for dei tilsette innan desse områda?</p>

sikre at ikkje organisasjonen vert for «topptung», og at rekruttering av nøkkelstillingar ikkje i for stor grad berre vert gjort til den staden der den administrative sektor-/fagleiinga sit.

Med Bergen som administrasjonssenter, med lokalisering av rådmannsfunksjon og politisk leiing, stiller fleire organisasjonar spørsmål til korleis den nye administrasjonssjefen vil leggje opp funksjonar som t.d.:

- a) Økonomi (planlegging og løn- og rekneskapsfunksjonar),
- b) Innkjøpstenesta,
- c) HR-funksjonar/personal,
- d) IKT-tenesta,
- e) bygge- og eigedomstenesta,
- f) kommunikasjons- og informasjonstenesta.

Tilsetteorganisasjonane er opptekne av at Sogn og Fjordane fylkeskommune i den førebunde fasen må ha eit medvite forhold til kva ei sentralisering av slike funksjonar vil ha å seie for dei tilsette innan desse områda i dag. Slik intensjonsplanen er utforma, er det ope om sentrale stabs- og støttfunksjonar vert samla og samlokaliserte i Bergen, eller om desse skal leiast frå Bergen i ein framtidig vestlandsregion.

[Fellesorganisasjonen i Sogn og Fjordane](#)

Ser ut som ei sentraliseringsreform, som ikkje vil gje betre kår for innbyggjarane i SF. Svært usikre på om Vestlandsregionen vil gje innbyggjarane meir demokratisk tyngd enn i dag, store delar av regionen kan stå utan demokratisk representasjon på Stortinget. Uryddig prosess. Ser ikkje at det er grunnlag for samanslåing før ein får tilført vesentleg nye oppgåver. SF kan stå aleine. Viktig å halde på desentralisert tenesteyting, skulestrukturen i SF må ivareta i ev. ny region. Det vert store geografiske avstandar i Vestlandsregionen, og SF blir ein utkant. Konstellasjon med Møre og Romsdal, SF og Hordaland betre for oss. I Vestlandsregionen gjev SF frå seg makt, kunnskap og arbeidsplassar på viktige felt, korleis då få vekst her i fylket? Rettane til dei tilsette er godt tekne i vare gjennom intensjonsavtalen, men likevel naudsynt med nokre presiseringar. Liste med premiss som må innfriast om Stortinget vedtek samanslåing av fylkeskommunar på Vestlandet.

Skeptiske til Vestlandsregionen.

Sentraliseringsreform.

Oppgåver før samanslåing.

Ut med Rogaland, inn med Møre og Romsdal.

Nynorsk.

Folkerøysting.

[Fagforbundet i Sogn og Fjordane](#)

Seier nei til Vestlandsregionen med det som ligg på bordet no. Oppgåver må på plass før nye regiongrenser. Aktuelle oppgåver som må vurderast er Statens vegvesen, helseføretaka og statlege barnevernstenester. Føresetnad å halde på desentralisert tenesteyting. Rettane til dei tilsette er tekne godt i vare, men Fagforbundet ønskjer likevel nokre endringar/presiseringar i dette kapittelet. Vestlandsregionen må ikkje føre til meir konkurranseutsetting og privatisering. Forventar at fylkestinget tek omsyn til høyringsvara som har kome inn. Nynorsk må vere hovudspråk i Vestlandsregionen.

Nei til intensjonsavtalen.

Oppgåver før samanslåing.

Hald på desentralisert tenesteyting.

Nei til privatisering og konkurranseutsetting.

Nynorsk.

[Utdanningsforbundet i Sogn og Fjordane](#)

Ønskjer ikkje å ta stilling til spørsmålet om Sogn og Fjordane bør søkje Stortinget om samanslåing av dei tre vestlandsfylka. Peikar likevel på viktige moment:

Tek ikkje stilling til spørsmålet om samanslåing.

Fylkestinget bør leggje vekt på om ei fylkessamanslåing fører til betre kvalitet i opplæringa og eit betre utdanningstilbod for elevane. SF har ein relativt desentralisert skulestruktur, men er likevel fylket med flest hybelbuarar. Viktig for elevane med desentralisert skulestruktur, og at tilbodsstrukturen vert lagt slik at vi framleis som hovudregel kan tilby alle utdanningsprogram innan for det geografiske området som dagens fylkeskommune omfattar. For elevar som ikkje har grunnskulepoeng nok til å konkurrere seg inn på tilbod lokalt eller ved den skulen dei ønskjer å gå på – som normalt òg vil vere den elevgruppa der risikoen for fråfall er størst – bør ein sjå på moglegheitene for inntaksområde som er mindre enn heile vestlandsregionen. Dei vidaregåande skulane må rammefinansierast etter ein modell der utdannings-program og klassetal/gruppetal er dei viktigaste nøkkeltala for tildeling. Stykkprisfinansiering, i kombinasjon med fritt skuleval, vil gje uheldige konsekvensar for fylket, særleg for dei minste skulane.

Peikar på kva som er viktig for opplæringssektoren ved ei ev. samanslåing.

Med store geografiske avstandar og 83 vidaregåande skular, vil det vere naudsynt å gje auka ansvar og mynde til einingsleiarane/rektorane. Ressursane til skuleleiing må aukast tilsvarende. Større avstandar og fleire involverte vil gje større samordningskostnader og transaksjonskostnader. Opplæringssektoren må leiast gjennom formidling, forankring, rettleiing og fagleg støtte for rektorane. Leiing krev nærleik og kjennskap til den einskilde skulen sine utfordringar. Behov for koordinering og faglege stab- og støttefunksjonar på eit lågare nivå og med eit mindre geografisk dekningsområde enn ein storregion. Administrativt går det an å finne gode løysingar med utgangspunkt i dagens opplærings-avdelingar. På mange område kan ein vidareføre ansvar og oppgåver dei har i dag knytt til geografisk nedslagsfelt.

Utdanningsforbundet er nøgd med at det er teke inn i intensjonsplanen at samanslåinga ikkje skal svekke arbeidstakarorganisasjonane, at ressursen til tillitsvalde skal oppretthaldast på (minst) same nivå som i dag, og at dersom regionen får fleire administrative nivå skal ein sikre ressursar til tillitsvalde òg på desse nivåa. Dersom fylkestinga gjer vedtak om samanslåing, ber Utdanningsforbundet om at tillitsvaldsressurs for overgangperioden blir drøfta alt i vår.

[Tekna Sogn og Fiordane fylkeskommune](#)

Tekna har per i dag ikkje noko klart synspunkt på om ei samanslåing er positivt eller negativt, har for lite kunnskap om føremonar og ulemper, t.d. vil sentrale styresmakter ikkje seie noko om kva oppgåver dei nye regionane kan få overført frå sentralt hald. Tekna set som klar føresetnad for samanslåing at oppgåvene innan faktiske og viktige ansvarsområde vert desentraliserte og overførte frå sentrale styresmakter, slik at reforma ikkje vert ei overflytting av oppgåver frå andre regionale aktørar. Etablering av større regionar må difor få konsekvensar òg for dei statlege sentralt plasserte etatar, departement og direktorat. Tekna meiner at større og robuste fagmiljø i

Ikkje klårt synspunkt på om samanslåing er positivt eller negativt.

Føresetnad at ansvarsområde vert overførte frå staten.

Først og fremst tilsette i sentraladm. som vert råka, må ivareta dei.

	<p>regionen kan ivareta fleire av desse oppgåvene på ein kompetent måte.</p> <p>Tekna er uroa over at reforma kan innebære at fagmiljø vert bygd opp og styrka berre på dei lokasjonane som får ei leiroll for dei respektive arbeidsområda. Kunnskap om lokale/fylkesdekkande tilhøve er viktig for vidare utvikling av Vestlandsregionen. Tekna vil ha ei kartlegging som kan gje eit oversyn av eksisterande kompetanse innan ulike fagområde i den komande regionen. Tekna meiner at miljøperspektivet må vere eit viktig element i det komande arbeidet med regionreforma, og at ein ikkje må undervurdere kulturforskjellane mellom dei tre fylka. Omstilling og endring til ein felles organisasjonskultur er ein langsiktig og tidkrevjande prosess. Det er først og fremst dei tilsette i sentraladministrasjonen som vert råka av reforma. Det er difor viktig at dei som skal representere dei tilsette vidare i denne prosessen representerer tilsette i sentraladministrasjonen og vert peika ut av tillitsvalde der. Avgjerande for ein vellukka samanslåingsprosess at dei tilsette får ta aktivt del. Tekna vil ha tillitsvalde i alle partssamansette utval og arbeidsutval som gjeld arbeidsvilkår/oppg. for tilsette.</p>	
Pensjonistrådet i Utdanningsforbundet i Sogn og Fjordane	Nynorsk som skriftspråk har ikkje noko framtid om det ikkje vert ivareteke i det offentlege rom, og ein ny region utan nynorsk vil svekke statusen til nynorsken.	Nynorsk som administrasjonsspråk og i skriv frå statsorgan.
Næringsorganisasjonar Sparebanken Vest	Støttar samanslåing av dei tre fylka. Rår regionen til å nytte nynorsk som administrasjonsspråk. Samling av Vestlandet styrker identitet, næringar og kompetansmiljø – og motverkar sentralisering og sentrifugalkrafta mot hovudstadregionen. Viktig med god infrastruktur for å knyte regionen saman. Regionen må tiltrekke seg den beste arbeidskrafta og kompetansen frå heile landet – må byggje sterke kompetansmiljø i byane. Om regionreforma skal bli ein suksess, må det ti ei betydeleg overføring av makt til regionen i spørsmål som rører ved næringspolitikk, samferdsle, forskning og utdanning. Nynorsk må vere administrasjonsspråk.	Positiv til samanslåing. Kan vere motvekt til hovudstadsområdet. Viktig med god infrastruktur. Må byggje kompetansmiljø i byane. Meir makt til regionane. Nynorsk.
Leikanger Bondelag	Går mot etablering av Vestlandsregionen. Samanslåing med Rogaland er alarmerande for SF. Fører til at kvoteprisane vert pressa opp, og mjølkproduksjonen på sikt blir sentralisert til Jæren. Dramatisk for meieriet på Byrkjelo. Beste vern mot slik utvikling er at SF held fram som eige fylke. Samanslåing med Hordaland og ev. Sunnmøre er også betre enn ein vestlandsregion med Rogaland.	Negativ til Vestlandsregionen. Helst SF som eige fylke, sekundært SF + Hordaland + ev. Sunnmøre.
Sogn og Fjordane Bondelag	Negativ til Vestlandsregionen. Uheldig med samanslåing og reform utan at oppgåvefordelinga er godt klargjort. Samanslåing vil kunne gje forskyving av avgjersmynde frå SF til Bergen og Stavanger. Fryktar sentralisering. Endra valordning ei utfordring for representasjon frå mindre folketette område. Om regionen blir realitet, må opplæring og rekruttering av politikarar på dagsorden i partia. Stor region = sentralisering av makt kring dei store byane → utfordringar knytt til storbyutvikling blir prioritert framfor distrikta. Regionaliserte oppgåver og budsjettpostar i landbrukspolitikken må bli verande hjå Fylkesmannen. Flytting kan føre til dårlegare koordinering mellom	Negativ til Vestlandsregionen. Landbruket si rolle i ev. ny region.

	kommune og stat og eit svekka fagmiljø. Frykt for at grensene for kvoteregionane kan bli endra i tråd med ev. nye regiongrenser. Det vil gje ei forflytting av mjølkeproduksjon i retning Rogaland. Fryktar investeringsmidlar i landbruket blir reduserte om verkemidlane i regionen blir samla i eitt regelverk. Det vil truleg svekke finansieringsordningane i SF.	
NHO Sogn og Fjordane	NHO Sogn og Fjordane er positiv til at eit fleirtal på Stortinget ønskjer at talet på fylke skal reduserast frå 19 til 10. NHO er også positiv til intensjonsplanen som legg opp til å etablere ein større region på Vestlandet. NHO ser positivt på at Sogn og Fjordane søker Stortinget om å slå saman dei tre vestlandsfylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland til ein region med verknad frå 01.01.2020.	Positiv til Vestlandsregionen med Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.
Mållag og nynorsk-/målorganisasjonar		
Bokn Mållag	Ev. ny region må administrerast på nynorsk. Det er fellesnemnaren for Vestlandet og gjev rom for dialektmangfaldet. Nynorsk kjerneområde viktig for heile landet.	Nynorsk.
Elevmållaga i Norsk Målungdom	Ønskjer nynorsk som administrasjonsspråk og statleg tenestemål, eigne språkreglar, og vedtak om at regionen skal vere eit føredøme for klart språk i offentleg forvaltning. Vedtak om nynorsk avgjerande for at nynorskbrukarane i Vestlandsregionen skal ha same språklege vilkår som i dag. Språkleg nøytralitet = svekt nynorsk.	Nynorsk som administrasjonsspråk og tenestemål.
Høgnskringen	Nynorsk på Vestlandet er nasjonal oppgåve. Det offentlege har eit særleg ansvar for å halde nynorsk ved lag som eit levande offentleg språk der nynorsk er geografisk dominerande. Dei som vil skrive til, eller arbeide i, det offentlege på nynorsk, treng at nynorsk er stødig til stades i alle forvaltningsnivå. Naudsynt med sjølvtrygg offentleg nynorsk i dagleg bruk. Det kan ikkje Møre og Romsdal sørgje for aleine.	Vestlandet har eit nasjonalt ansvar for nynorsken.
Juristmållaget	Vestlandsregionen må ha nynorsk som adm.språk, må krevje nynorsk i skriv frå staten, og private rettssubjekt som vender seg til regionen, skal få svar på målforma dei nyttar. Nynorsk nadsynt vilkår for vestlandsidentitet. Nynorsk også viktig markering av at den nye regionen ønskjer tyngd, dersom ein skal vere motmakt til det sentrale austlandet. Ny region bør heller heite Vestlandet eller Vestlandsfylket.	Nynorsk som administrasjonsspråk og i skriv frå statsorgan. Vestlandsregionen er dårleg namn.
Luster Mållag	Nei til intensjonsavtalen. Om ein skal gå vidare med regionreforma, må ein slå fast nynorsk som administrasjonsspråk og tenestemål. Off. etatar har særleg språkpolitisk ansvar, og off. norsk språkpolitikk legg opp til styrking av nynorsk i off. målbruk. Nøytralitet = det største språket vinn. Kommunar treng fylkeskommunen og andre som språkleg ryggstød. Lite truleg at ein ny regional, språknøytral administrasjon vil spele ei like aktiv rolle for styrking av nynorsken som fylkeskommunen gjer no.	Nei til intensjonsavtalen. Nynorsk må vere adm.språk og tenestemål.
Balestrand Mållag	Ser det som sjølvstøtt at ein ev. Vestlandsregion nyttar nynorsk som administrasjonsspråk.	Nynorsk som adm.språk.
Norsk Målungdom	Ber om at fylkestinga gjer tydelege vedtak om språk i Vestlandsregionen. Vestlandet avgjerande for posisjonen nynorsken har nasjonalt. Off. etatar har særleg språkpolitisk ansvar, og off. norsk språkpolitikk legg opp til styrking av nynorsk i off. målbruk. Vestlandsregionen vert stor	Nynorsk må vere adm.språk og tenestemål.

	<p>tekstprodusent og har slik høve til å synleggjere og styrke nynorsken. Frårår språknøytralitet. Ønskjer nynorsk som administrasjonsspråk og statleg tenestemål, egne språkreglar, og vedtak om at regionen skal vere eit føredøme for klart språk i offentleg forvaltning.</p>	
Askøy Mållag	<p>Nynorsk som administrasjonsspråk er premiss for Vestlandsregionen. Ein må også krevje nynorsk i skriv frå staten. Veikare status for nynorsk i Vestlandsregionen vil svekkje Vestlandet politisk og kulturelt – i strid med målet med samanslåinga, som er å styrkje Vestlandet. Det undergrev også Møre og Romsdal som nynorskfylke. Må halde på nemninga fylke. Ber fylkeskommunane rådføre seg med Språkrådet om namnet på det nye storfylket.</p>	<p>Nynorsk må vere adm.språk og tenestemål.</p> <p>Vil ha nemninga fylke med i namnet på den nye regionen.</p>
Mållaga på Agder	<p>Språket er det viktigaste som finst, handlar om identitet og sjølvkjensle og er sjølv hjarterøtene. Å gå frå nynorskfylke til språknøytralitet er eit overgrep mot nynorsken, pga. det i praksis betyr bokmål som administrasjonsspråk. Både naboregionane og heile landet vil lide stort under eit språknøytralt storfylke på Vestlandet, påverkar nynorskbrukarar i heile landet.</p>	<p>Språkstoda må inn i utgreiingane i alle samanslåingsalternativ.</p> <p>Nynorsk som administrasjonsspråk.</p>
Naustdal Mållag	<p>Krev nynorsk i administrasjonen.</p>	<p>Nynorsk som administrasjonsspråk.</p>
Leikanger Mållag	<p>Nynorsken kan berre sikrast ved at fylkes-/regionaladministrasjonen har vedtak om nynorsk som adm.språk. negative til at hovudtyngda av administrasjonen i Vestlandsregionen er lagt til Stavanger. Betre løysing at Rogaland står utanfor → meir adm. i Bergen, der det er større aksept for nynorsk, og Leikanger og Førde. Tilrår:</p> <ul style="list-style-type: none"> - nynorsk som adm.språk - ufråvikeleg krav om at fylkesmannsembetet skal vere på Leikanger - at Rogaland ikkje blir med i ev. ny region. - folkerøysting 	<p>Nynorsk som administrasjonsspråk og i skriv frå statsorgan.</p> <p>Folkerøysting.</p> <p>Vil ikkje ha med Rogaland.</p>
Kringkastingsringen	<p>Ein vestlandsregion som ikkje blir administrert på nynorsk, vil auke presset på nynorsken. Nynorsken er språkleg mindretal nasjonalt. Nynorsk tekstproduksjon i fylkeskommunane er viktig bidrag for å gjere nynorsk synleg. Vedtak om språknøytralitet kan få negative følgjer for nynorsk på andre samfunnsområde, t.d. i media. Nynorsk som adm.språk → sterkt signal om at nynorsk er viktig overalt.</p>	<p>Nynorsk som adm.språk.</p>
Hordaland Mållag	<p>Stort tap om ein ny regionadministrasjon ikkje har vedtak på å bruke nynorsk i verksemda si, samt i all statleg kommunikasjon. Nynorsken kan vere med og byggje opp ein klar vestnorsk identitet → sterkare regional tilhørslse. Nynorsken vert då òg framleis ein del av den vestlandske kulturarven. Nøytralitet → det største språket vinn. Mindretalsspråk treng stødige kjerneområde, vert då òg ryggstø for personar utanfor dette området.</p>	<p>Nynorsk som administrasjonsspråk og i skriv frå statsorgan.</p>
Ørsta Mållag	<p>Ein ev. ny vestlandsregion har eit særskilt ansvar for å ta vare på både den språklege og kulturelle identiteten og nynorsk som eit fullverdig og statsverande språk. Viktig at nynorskbrukarar – både yngre og eldre – møter nynorsk i kvardagen sin. Eit vestland med levande nynorsk og Bergen som nynorsk hovudstad må vere framtida.</p>	<p>Vestlandsregionen må vere nynorsk.</p>
Lærdal Mållag	<p>Nynorsk som adm.språk er absolutt føresetnad for ein stor vestlandsregion. Fylkesadministrasjonen må liggje på</p>	<p>Nynorsk som adm.språk.</p>

	Leikanger. Der har ein eit sterkt nynorskmiljø og stor nynorskkompetanse, kan vidareutvikle eit moderne og funksjonelt nynorsk administrasjonsspråk.	Fylkesadministrasjonen må vere på Leikanger.
Nynorskfylket	Svakheit at intensjonsplanen ikkje tek føre seg kva språk den nye regionen skal nytte. Nynorsk som offisielt språk i ein ny region er å ta ansvar for språk, kultur og identitet. Vestlandsregionen må ha nynorsk som adm.språk, krevje nynorsk i skriv frå staten og svare private rettssubjekt som vender seg til regionen, må den målforma dei sjølve nyttar. Må lagast språkreglar for regionen. Utfordrar Vestlandsregionen til å arbeide aktivt og målretta med klarspråk.	Nynorsk må vere adm.språk. Staten må vende seg til regionen på nynorsk.
Volda Mållag	Nynorsken i Møre og Romsdal treng eit sterkt nynorskfylke i sør. Ein ev. ny region må ha nynorsk som adm.språk og krevje nynorsk i skriv frå statsorgan. Tenk på konsekvensar for heile nynorsk-Noreg før de seier ja til nytt storfylke utan garantiar for nynorsk som adm.språk.	Nynorsk må vere adm.språk. Staten må vende seg til regionen på nynorsk.
Romsdal Mållag	Vestlandsregionen må ha nynorsk som administrasjonsspråk og få alle skriv frå statsorgan på nynorsk. Om ikkje, så er det berre i Møre og Romsdal at nivået mellom kommune og stat vert administrert på nynorsk. I så fall eit stort tap for statusen til nynorsken. Språkval er ikkje nøytrale. Fire grunngevingar for kvifor viktig med nynorsk: 1. Lang tradisjon. 2. Ryggstø for dialektane. 3. Nynorsk kjerneområde viktig for heile landet. 4. For Møre og Romsdal er det viktig med ein nynorskregion i sør.	Nynorsk som administrasjonsspråk og i skriv frå statsorgan.
Gloppen Mållag	Nynorsk adm.språk og tenestemål må vere sikra før ein seier ja til ny region. Stat, kommune og fylkeskommune har viktig språkpolitisk ansvar, og offisiell norsk språkpolitikk legg opp til styrking av nynorsk i offentleg målbruk. Den sterke posisjonen nynorsk har i vestlandsfylka er viktig for statusen nynorsken har nasjonalt. Viser til fleire store offentlege og private organisasjonar og bedrifter som har nynorsk som varemerke.	Nynorsk som administrasjonsspråk og tenestemål.
Jølster Mållag	Krav om nynorsk som administrasjonsspråk. Om ikkje, vil det svekke statusen til nynorsken. Nøytralitet = bokmål. Viktig å gjere nynorsken synleg i det offentlege rom, eller har han inga framtid.	Nynorsk som administrasjonsspråk.
Kyrkjebø Mållag	Kritisk til at intensjonsavtalen ikkje slår fast nynorsk som adm.språk og i skriv frå statsorgan. Språknøytral vestlandsregion fører til at nynorsken får dårleg vern og svekka status i det som har vore dei viktigaste nynorskområda i landet. Nøytralitet = meir bokmål. Viktig for heile landet med nynorsk kjerneområde.	Nynorsk må vere adm.språk. Staten må vende seg til regionen på nynorsk.
Sogn og Fjordane Mållag	Kan ikkje akseptere språknøytralitet. Ventar og forlangar nynorsk som adm.språk. Nynorsk både identitetsberar og del av kulturarven i regionen. Vestlandsregionen må også ha nynorsk som tenestespråk. Vestlandet er Noregs viktigaste nynorskbastion – bør vere slik også i framtida.	Nynorsk må vere adm.språk og statleg tenestemål.
Noregs Mållag	Vestlandsregionen må ha nynorsk administrasjonsspråk. Sogn og Fjordane og Hordaland er administrerte på nynorsk i dag, har difor eit særskilt politisk ansvar for målforma, som dei seier frå seg om dei går inn i ein språknøytral region. Når språkval skjer uregulert → mindre nynorsk. Ved samarbeid om tekst, vert valet ofte bokmål fordi det er det minst konfliktfylte alternativet. Viktig at ein ny	Nynorsk må vere adm.språk og statleg tenestespråk.

	<p>vestlandsregion er ei motvekt til bokmålsdominansen i ålmenta og gjer det lettare å vere nynorskbrukar. Den nye regionen må få skriv frå alle statsorgan på nynorsk. Vestlandsregionen må bli nynorskregionen, tre grunngevingar: 1. Lang tradisjon. 2. Ryggstø for dialektane. 3. Eit nynorsk kjerneområde er viktig for heile landet.</p>	
Førde Mållag	<p>Krav om nynorsk som administrasjonsspråk. Presset mot nynorsk kjem frå byane, styrande organ, næringslivet og bokmålsdominans i media. Presset vil auke om Vestlandsregionen skal vere språknøytral. Veksande interesse for det rotekte og eigenarta over heile Europa, men minoritetskulturar møter likevel ei usikker framtid. Om ein identitetsberande kultur vert veikare, vert også identiteten det.</p>	<p>Nynorsk som administrasjonsspråk.</p>
Stiftinga Nynorsk Avissenter	<p>Fylkestinga må gjere det klart og tydeleg at nynorsk er viktig og naturleg for vestlendingane. Dei må vedta at staten skal nytte nynorsk overfor den nye regionen, og at nynorsk skal vere adm.språk. Det nye forvaltningsnivået bør innarbeide og bruke <i>klart språk</i> frå staten. Nynorsk er i dag robust, men sårbart om Vestlandet sviktar. Ein ny vestlandsregion må vise at nynorsk er eit moderne språk som fungerer på alle samfunnsområde. Nynorsk handlar om identitet, demokrati, kultur og kommunikasjon.</p>	<p>Nynorsk må vere adm.språk.</p> <p>Staten må vende seg til regionen på nynorsk.</p>
Studentmållaga i Norsk Målungdom	<p>Ein vestlandsregion utan nynorsk som adm.språk vil vere eit tilbakesteg for regionen og vil gjere Vestlandet mindre attraktivt som bu- og arbeidsregion. Nynorskbrukarar får dårlegare vern om språket sitt, dei fleste innbyggjarane i ev. ny region er nynorskbrukarar. Fylkeskommunale vedtak på nynorsk er avgjerande for statusen til nynorsk. Nøytralitet er ikkje jamstelling. Nøytrale kommunar og fylke betyr nesten utelukkande fråvær av nynorsk. Dei tre fylka har språkleg ansvar utanfor eigne grenser, nynorskbrukarar over heile landet treng ryggstø for språkbruken sin.</p>	<p>Nynorsk må vere adm.språk.</p> <p>Staten må vende seg til regionen på nynorsk.</p>
Norsk Bladmannalag	<p>Folket i SF mistar all politisk slagkraft, blir for små i ein stor region. SF mistar alle politiske institusjonar og sit att med ti prosent av veljargrunnlaget i ein samla vestlandsk valkrins. Bergensregionen kjem til å dominere, og Bergen og Stavanger kjem til å kjempe med kvarandre om infrastruktur og statsmidlar. At Fylkesmannen skal leiast frå SF betyr berre at det skal finnast ein statleg arbeidsplass i fylket, ikkje noko eigen politisk institusjon eller representasjon. For å få ein politiskar valt til regiontinget, trengst fire gonger så mange veljarar som til dagens fylkesting. Samla tal politiskarar på Vestlandet vert redusert med meir enn 40 prosent, medan tal tilsette aukar eller vert verande som før → Vestlandsregionen vert mindre politisk og meir byråkratisk og teknokratisk enn dagens fylke.</p>	<p>Nei til Vestlandsregionen.</p>
Landssamanslutninga av nynorskkommunar	<p>Fire tilleggspunkt bør inn i intensjonsplanen:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Nynorsk som administrasjonsspråk. 2. Staten skal bruke nynorsk i skriftleg kommunikasjon med regionen. 3. Eigne språkreglar for tilsette. 4. Regionen skal vere føredøme for klart språk i offentleg forvaltning. <p>Vestlandsregionen er det nynorske kjerneområdet, dei fleste kommunane er nynorskkommunar. Den nye regionen vert stor produsent av skriftleg materiale – såleis stort</p>	<p>Nynorsk som administrasjonsspråk og i skriv frå statsorgan.</p>

Nynorsk Forum	<p>tilbakesteg for nynorsk om dette ikkje skjer på nynorsk.</p> <p>Krev nynorsk som administrasjonsspråk og nynorsk i skriftleg kommunikasjon frå staten. Trengst også tydelege språkreglar for tilsette. Reglane må ta vare på rettane til innbyggjarar og andre private rettssubjekt anten dei brukar nynorsk eller bokmål, og bør følgje intensjonane i mållova. Regionen bør vere eit føredøme for klart språk i offentleg forvaltning.</p>	Nynorsk som administrasjonsspråk og i skriv frå statsorgan.
Nynorsk Kultursentrum	<p>Krev nynorsk som administrasjonsspråk og at staten nyttar nynorsk i skriftleg kommunikasjon med regionen. Ber også fylkestinga inkludere arbeid for klart språk i språkreglane. (Legg ved framlegg til reglar.) Vestlandsregionen blir ein mektig aktør i norsk samfunnsutvikling og offentleg forvaltning. Ber om at regionen blir like tydeleg språkpolitisk som næringspolitisk. Regionar, kommunar og fylkeskommunar viktigare språklege aktørar enn mange trur. Handlar om identitet, folkestyre og å skrive godt og forståeleg. Langt fram til reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål, og Vestlandet er einaste landsdelen med nynorsk tyngdepunkt. Det forpliktar.</p> <p>Språkfakta:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fleirtalet av vaksne innbyggjarar i regionen skriv helst bokmål privat. - 62 prosent av grunnskuleelevane har bokmål som opplæringspråk. - Staten nyttar nynorsk til 79 prosent av kommunane. - Nynorsk er tenestemålet til alle regionale statsorgan i regionen. - Alle statsorgan skriv nynorsk til dagens tre fylkeskommunar. - 72 prosent av kyrkjesokna nyttar nynorsk liturgi. - Over halvparten av avisene i regionen er redigerte på nynorsk, mange språkblanda redaksjonelt. - Den nye Høgskulen på Vestlandet får nynorsk som det administrative hovudspråket. <p>Nøytralitet er ikkje jamstilling, språkøytralitet = bokmålsdominans.</p>	Nynorsk som administrasjonsspråk og i skriv frå statsorgan.
Nynorsk Kultursentrum, tilleggsfråsegn	<p>Presiserer her den språkpolitiske rolla og makta til Vestlandsregionen, behovet for tillegg i intensjonsplanen, og at språkspørsmålet må avklarast før fylkeskommunane konkluderer overfor regjeringa. Vestlandet er einaste landsdelen med nynorsk tyngdepunkt. Det har ringverknadar i heile landet, og det forpliktar.</p> <p>Fylkeskommunane må vere like presise om språk som ein er om andre spørsmål i planen. Staten må nytte nynorsk i skriftleg kommunikasjon med regionen, det må vere nynorsk administrasjonsspråk, og regionen må vere eit føredøme for klart språk i offentleg forvaltning. Utdjupar dette i <i>Språkreglar for Vestlandsregionen</i>.</p>	Nynorsk som administrasjonsspråk og i skriv frå statsorgan.
Tidsskriftet Målmannen	<p>Regionreforma legg opp til nedlegging av Sogn og Fjordane, går inn i ein demonteringsprosess vi har vore vitne til i årevis. Om SF skal leve vidare, må ein ta kampen no. Sentraliseringstrugsålet kjem frå Bergen, ikkje frå Oslo. Folketalet i Hordaland så mykje høgare enn i SF, altså kjem regionalpolitikarane til å hente røystene sine der og prioritere det området. Brenn eit blått lys for SF som eige fylke no. Har hatt hendingar som syner at fylket treng</p>	<p>Negativ til samanslåing.</p> <p>Dette er del av demonteringa av Sogn og Fjordane.</p>

sjølvstendig infrastruktur og politisk handlefridom, har ikkje råd og gje frå oss kontroll over egne liv og eigen kvardag. Ved kommune- og fylkestingsvalet i 2015 gjekk partia som er kritiske til kommune- og regionreforma fram.

Anna

[Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane](#)

Kan ikkje sjå at interessene til organisasjonen er tekne i vare gjennom regionreforma eller intensjonsavtalen. Stor region vert krevjande for organisasjonane, får lenger reiseavstand og lenger avstand til det offentlege. Målet i avtalen om sterkare demokrati har lite truverd, då ein vil få lenger avstand frå folk i ytterkantane til dei styrande. Målet om å overføre oppgåver frå staten til regionane er uheldig for forvaltninga av ansvarsfeltet natur og friluftsliv. Går mot å flytte oppgåver frå fylkesmennene eller Miljødirektoratet til fylkeskommunane eller ny region. Samanslåing er sentralisering, opplevast som nedbygging av tenester lokalt. Den nordlege delen av SF er lite tent med å gå inn i stor region sørover.

Skeptisk til intensjonsavtalen og regionreforma.

[Kyrkjebø ungdomslag](#)

Skeptiske til Vestlandsregionen slik han er skissert her. SF vert utkant i stor region med fleire dominerande senter. Krav om nynorsk som adm.språk i ein ev. ny region. Om Rogaland ikkje godtek det, treng ikkje dei vere med i ny region.

Skeptiske til reforma.

Nynorsk som adm.språk.

[Sogn og Fjordane Idrettskrins](#)

Idretten må bli tekne med på råd i alle saker som har betydning for idretten. Ingen av ordningane og avtalane som idretten har med fylkeskommunen, må bli svekka. Prioritering innanfor anlegg- og spelemiddelordninga må framleis vere lokalt forankra. Nynorsk må vere administrasjonsspråk. Kultur og idrett bør ikkje delast.

Nynorsk som administrasjonsspråk.

Ta i vare idretten.

[Norsk- og språkseksjonane ved Sogndal vgs.](#)

Nynorsk må vere administrasjonsspråk. Om ein vel bokmål, er det ikkje utenkeleg at nynorsken forsvinn, og då mistar vi mykje av kulturarven vår.

Nynorsk som administrasjonsspråk.

[Førde IL langrenn](#)

Ønskjer ikkje samanslåing med Hordaland og Rogaland. SF bør stole på egne kvalitetar og tore å framstå som annleisfylket. Handlar om stoltheit og å bevare identitet, arv og historie. Regionreforma er vag, difor – ein veit kva ein har, men ikkje kva ein får.

Negative til Vestlandsregionen.

[Stiftelsen Klokkergården Skole](#)

Har avtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFK) om grunnskuleopplæring, tilbod til ungdom frå 13-årsalderen i barnevernsskollektiv og familieheimar. Tilbyr særst tilpassa opplæring til ungdom med rus- og åtferdsproblem. Avtalen med SFFK gjer at ein kan tilby eit tilbod av høgare kvalitet enn ein elles kunne ha gjort. Sparer også SFFK for pengar, pga. desse elevane utan dette tilbodet ville ha vore elevar med store og kostbare tilretteleggingsbehov i den offentlege skulen. Er uroa over at ein så liten skule vil bli noko usynleg i ein større region. Ikkje sikkert Hordaland og Rogaland ser verdien av arbeidet ein gjer. Ber om at SFFK tek med seg dei positive erfaringane frå samarbeidet og tek i vare dette ved ei eventuelle samanslåing av fylka.

Uroa over at skulen vert usynleg i ein større region. Godt samarbeid med SFFK i dag.

[Trygg Trafikk](#)

Samarbeider i dag tett med trafikksikringsutvala i dei tre fylka. Trygg Trafikk ønskjer eit tett og godt samarbeid med regionalt nivå også i ein ev. ny vestlandsregion. Må vere ein føresetnad at det alt etablerte, nasjonale rammeverket gjennom samarbeidsavtalen mellom Statens vegvesen, fylkeskommunane og trygg Trafikk ligg til grunn. Ventar også at dagens rammer er eit minimum også for framtidige

Ønskjer samarbeid også med ev. ny region.

	aktivitetar. Vurderer føresetnadane for at Trygg Trafikk kan drifte arbeidet sitt i samarbeid med nytt regionalt nivå som gode – uavhengig av fylkesgrenser.	
Hardanger Historielag	Uroa over språkleg nøytralitet, det vil innebere favorisering av bokmål. Vil ha inn tillegg under kapitlet «Hovudmål kultur» om 1. nynorsk som administrasjonsspråk. 2. at staten skal nytte nynorsk i skriv til regionen. 3. egne språkreglar for regionen. 4. at regionen skal vere eit føredøme for klart språk i offentleg forvaltning.	Nynorsk som administrasjonsspråk og i skriv frå statsorgan.
Foreininga Fres Festival	Høyringsfråsegn på rim. Innser at Sogn og Fjordane nærmar seg slutten, men «lat oss frå skriv og forordningar på målet som står oss nær.»	Nynorsk
Jostedal Ungdomslag	Vestlandsregionen må ha nynorsk administrasjonsspråk. I dag har både Hordaland og Sogn og Fjordane vedtak om nynorsk administrasjonsspråk. Rogaland er språknøytral, dvs. at tilsette og statsetatar sjølve kan velje om dei vil bruke nynorsk eller bokmål. Om den nye Vestlandsregionen ikkje gjer vedtak om nynorsk, vil det berre vere i Møre og Romsdal nivået mellom stat og kommune vert administrert på nynorsk. Det vil vere eit tap for statusen til nynorsk om han nesten vert utradert som offisielt språk på regionnivå. Staten, kommunen og fylkeskommunen har eit språkpolitisk ansvar. Offisiell norsk språkpolitikk legg opp til styrking av nynorsk i offentleg målbruk. Vestlandsregionen må også få skriv frå alle statsorgan på nynorsk. Det er fylkestinget som avgjer kva språk dei krev å få skriv frå staten på. Slike målvedtak gjeld for alle delar av forvaltninga. Vestlandet har lange nynorsktradisjonar. 67 av kommunane er nynorskkommunar, medan berre 3 er bokmålskommunar og 15 har vedtak om at dei er språkleg nøytrale.	Nynorsk som administrasjonsspråk.
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum	Uroa over språkleg nøytralitet, det vil innebere favorisering av bokmål. Vil ha inn tillegg under kapitlet «Hovudmål kultur» om 1. nynorsk som administrasjonsspråk. 2. at staten skal nytte nynorsk i skriv til regionen. 3. egne språkreglar for regionen. 4. at regionen skal vere eit føredøme for klart språk i offentleg forvaltning.	Nynorsk som administrasjonsspråk og i skriv frå statsorgan.
Enkeltpersonar		
Bjørn Skanke Sande	Sterk motstandar av samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.	
Jon Farestveit	Administrasjonsspråket i ein ev. ny region må sjølvstøtt vere nynorsk.	
Jostein Fondenes	Hordaland og Sogn og Fjordane kan ein sjå som eitt Vestland, men Rogaland høyrer ikkje heime her. Sunnmøre kan få valet om å gå sørover. Men kvifor slå saman? Samarbeid på fagleg nivå syner seg ofte best, og det gjer ein alt. Intensjonsplanen – mykje bra, kan vere samd i mål og delmål, men kor mykje er han verdt? Urealistisk å spreie administrasjonar rundt om i dagens tre fylke. Kva med oppgåvefordelinga mellom kommunar og regionar? Urealistisk å lokalisere leiinga hjå Fylkesmannen ein annan stad enn regionleiinga. Meir redd for å miste Fylkesmannen, ein vestlandsk fylkesmann kan bli ein anonym klageinstans, som ikkje kan utøve samordningsrolla si. Må utsetje samanslåing av fylka til ein ser konturane av det nye kommunekartet. Treng også brei forankring, identitet i spel.	
Randi Sortland	Nynorsk på Vestlandet.	
Marit Nore Sørhaug	Nei til regionreforma. Ønskjer folkeavrøysting. Ønskjer	

	<p>reforma stansa pga. folket si negative innstilling og bekymring for framtidige tilbod.</p>
Renate Rendedal	<p>Er mot samanslåing til Vestlandsregionen. Burde vere folkerøysting før ein gjer så store grep.</p>
Odveig Klyve	<p>Nynorsk som skriftspråk.</p>
Henriette Solheim	<p>Nynorsk som administrasjonsspråk.</p>
Maria og Vebjørn Sture	<p>Sogn og Fjordane bør halde fram som eige fylke. Om ikkje mogleg, bør vi i det minste unngå å slå oss i hop med Rogaland. Administrasjonsspråket må uansett vere nynorsk.</p>
Grete Hamre og Ove Eliassen	<p>Kvar er reformene forankra? "Don't change a winning team" heiter det på idrettsspråket. I SF har vi mykje som fungerer svært bra. Reforma burde vore tema ved stortingsvalet, og det burde ha vore folkerøysting.</p>
Birte Larsgård Steinsvik	<p>Språket bør vere nynorsk.</p>
Britt Linn Hjellum	<p>Nynorsk som administrasjonsspråk i Vestlandsregionen.</p>
Hege Lothe	<p>Nei til intensjonsplanen. Viktig at SF styrer seg sjølv. Storregion = sentralisering. Gir oss som bur her mindre makt over eiga framtid. Ein må sikre nynorsk som administrasjonsspråk og tenestemål i ein ev. storregion. Uheldig at ikkje skriv noko om SFE og korleis sikre verksemda. Ikkje gje frå seg SF før oppgåvedelinga er klar.</p>
Svein Ølnes	<p>Planen bør avvistast, kviler på ei naiv førestilling om delegering av makt. Innbyggjarane ikkje fått mulegheit til å seie sitt, då dette ikkje har vore løfta fram som valkampsak. Ein har starta i feil ende: Først geografi, så innhald. Spesielt alvorleg her pga. store konsekvensar. Alt treng ikkje vere som før, men grunnlaget for endringar skal vere solid og argumenta byggje på dette. Ein ev. ny region må ha nynorsk som målform. Ei ev. samanslåing bør reduserast til H og SF. Rogaland bør ikkje vere med, aksen Stavanger–Bergen vil forsterke utkantpreget til SF.</p>
Gaute Losnegård og Magnhild Hoddevik	<p>Nei til intensjonsavtalen. SF bør halde fram som eige fylke. Denne samanslåinga vil flytte makt, tenester og arbeidsplassar ut av fylket og skape auka byråkrati og unødvendig stor avstand mellom dei styrande og lokalsamfunna i SF. Reforma har ingen stor plusside. Oppgåver må på plass før ein diskuterer struktur. Fryktar den demokratiske medverknaden til SF vert sterkt svekka. Samanslåing av fylke på Vestlandet til nye og større regionar vert den største regionale endringa på fleire hundre år. Utfordrar identiteten innbyggjarane har til eige fylke.</p>
Eivind Brendehaug	<p>Vil ha rådgjevande folkerøysting. Uklårt kva konsekvensar ein storregion på Vestlandet får for sivilsamfunnet, demokratiutvikling, miljø og klima, offentlege tenester og næring.</p>
Gunn Randi Bjørnevoll	<p>Intensjonsplanen er god. For å sikre utvikling i hele regionen er det viktig at infrastrukturen er god, og at det er gode løysningar på samferdsle. Vikafjellstunnelen må på plass. Bokmål som målføre for regionen.</p>
Torkjell Djupedal	<p>SF må leve vidare som eige fylke, er stort nok og har kvalitetar i fleng. Samanslåing med H og R vil tappe oss for viktige arbeidsplassar og auke sentraliseringa. Oppnår ingenting positivt ved å bli veslebror, regionen blir ein maktkamp mellom Bergen og Stavanger. Nynorsk som hovudmål.</p>
Arne Kvalvik	<p>Nynorsk som skriftform.</p>

Elise Tørring Torunn Raftenvold Rue	Administrasjonsspråket må vere nynorsk. Nynorsk må vere administrasjonsspråk. Nynorskbrukarar i bokmålsdominerte område treng å støtte seg på at nynorsken står sterkt andre stadar.
Dag Henrik Nygård	Svært positiv til regionreforma på Vestlandet. SF for lite til å halde fram som eige fylke. Best om fylket sjølv, og ikkje Stortinget, avgjer framtida. Auke i ansvar og oppgåver er eit krav. Må få med eige punkt om ungdomsmedverknad i intensjonsplanen. Nynorsk må vere adm.språk, men kan ikkje vere ultimatum for å gjennomføre reforma.
Fredrik Hope	Sogn og Fjordane bør halde fram som eige fylke. Fryktar sentralisering. Dagens SF er ei eining der innbyggjarane har sams interesser og utgangspunkt – positivt. Om det blir samanslåing – viktig at nynorsk blir adm.språk, og at staten nyttar nynorsk i skriftleg kommunikasjon med regionen. Eit ev. nytt storfylke bør heite fylke og ikkje region. Arbeidsplassar i ev. nytt fylke må fordelast slik at SF og dei andre nynorskområda får høgkompetansearbeidsplassar.
Samuele Mascetti	Ikkje legg ned Sogn og Fjordane. Om nedlegging er uunngåeleg, kjemp for nynorsken. Nynorsk må vere administrasjonsspråk på Vestlandet.
Kristofer Olai Ravn Stavseng	Ber fylkestinget røyste for nynorsk. Stør samanslåing om rette premisser ligg til grunn. Samanslåing må innebere reell styrking av Vestlandet som politisk og økonomisk makt. Fleire oppgåver flyttast frå statleg til regionalt plan. Bør også få fleire statlege stillingar frå Oslo til Vestlandet. Vestlandet må samle seg ved ev. samanslåing, tale med samla røyst i politiske spørsmål. Hald på nemninga fylke.
Ingebjørg Voll Arve Mjøyen	Administrasjonen i den nye regionen må nytte nynorsk. Viktig med sterk vestlandsregion. Berre slik kan ein skape ein vekstbalanse mellom Austlandet/Oslo og Vestlandet. Randkommunar må få velje tilhøyrslø. Legg ikkje avgjerande vekt på val av språkform.
Eli Berge Ness	Negativ til ny storregion. Intensjonsavtalen er hastverksarbeid med mange svakheiter.
Jorunn S. Thingnes	Vestlandsregionen må ha nynorsk som administrasjonsspråk, og staten må vende seg til han på nynorsk.
Lina Lunde Christiansen	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ny region. Fryktar meir sentralisert skulestruktur. Verdier i SF i dag vil kome under press i ny region, og demokratiet vil bli kraftig svekka.
Astrid Marie Nistad Christian Zurbuchen	Nynorsken høyrer heime på Vestlandet. Kva er eigentleg målet med reforma? SF vil miste politisk påverknadskraft, arbeidsplassar, identitet m.m. Burde vore lenger og grundigare prosess og bindande folkerøysting.
Carina Frisk	Proessen går for fort. Folk må få høve til å påverke. Uroa over at opplæringsavdelinga skal flyttast til Stavanger og framtidig skulestruktur.
Jon Atle Ravnestad Sigmund Hjermann	Slepp nynorsken fram. Negativ til regionreform. Sentraliseringsreform, som vil setje meir fart i sentraliseringsutviklinga i landet. Om SF skal inn i eit større valdistrikt, blir makta til innbyggjarane dramatisk redusert. Nynorsk føresetnad om SF må inn i større region. Vestlandsregion vil flytte arbeidsplassar ut av fylket
Sigrid Heiberg	Negativ til Vestlandsregionen og intensjonsavtalen, som er svak og diffus. Umogleg å skjønne bakgrunnen for

	<p>samanslåing. Slike omfattande strukturendringar bør handsamast av minst to storting og to fylkesting, og ein bør gjennomføre folkerøysting.</p>
Torunn Gro Blomdal	<p>Oppgåvefordeling må på plass før ev. ny region. Om samanslåing, må ein sikre nynorsk som administrasjonsspråk.</p>
Ragnhild Hope Birkeland	<p>Målforma bør vere nynorsk, både i administrasjonen og i kommunikasjon med staten.</p>
Liv Fridtun	<p>Dette er sentraliseringsprosess, som vil gje SF mindre makt enn før. SF må haldast samla, kan ev. slåast saman med Møre og Romsdal (helst) eller Hordaland. Nynorsk naturleg val som skriftleg målform.</p>
Synnøve Elisa Rønnekleiv	<p>Vestlandsregionen blir for stor. SF bør halde fram som eige fylke.</p>
Mattias Klakegg	<p>Vestlandsregionen blir for stor.</p>
Malene Leite	<p>SF bør halde fram som eige fylke.</p>
Bjørg Aamot	<p>Vil ikkje ha samanslåing.</p>
Åsta Therese Tvedt Birch	<p>Aksepterer ikkje samanslåing utan folkerøysting. Sentraliseringsgalskap.</p>
Fredrik V. Heimsæter	<p>Ingen nynorsk – ingen avtale. Nynorsk må vere administrasjonsspråk, og språket staten nyttar i skriv til regionen.</p>
Peder Kjærvi	<p>Proessen med å slå saman fylka må stogkast. Ser ingen positive verknadar med samanslåing.</p>
Irene Ekrene	<p>Vil ikkje ha samanslåing. Folkerøysting.</p>
Arne Vevle	<p>Slå eit slag for og stå vakt om nynorsken. Mange grunnar til å mobilisere og vere medviten om kva som trugar målforma.</p>
Ingrid Nyheim Bjørk	<p>Vil ikkje ha samanslåing. Skulle hatt folkerøysting.</p>
Ingrid Søyland	<p>Nynorsk som administrasjonsspråk føresetnad for Vestlandsregionen.</p>
Tom Dybwad	<p>Intensjonsavtalen må avvisast. Er sterkt sentraliserande og til skade for SF og folket som bur her. SF må halde fram som eige fylke. Vestlandsregion som inkluderer Møre og Romsdal kunne hatt noko for seg, dersom regionen vart ein sjølvstendig økonomisk region i Noreg. Regionreforma bør utsetjast til etter stortingsvalet i 2017. Alternativet er folkerøysting.</p>
Jarle Gløppestad	<p>SF bør halde fram som eige fylke. Om samanslåing – SF må vere eige valdistrikt til stortingsval og regiontingsval, ein bør ha eit SF-disposisjonsfond, SF må behalde desentralisert politisk og administrativ organisering, SF må ha Fylkesmannen, og målforma må vere nynorsk.</p>
Kristen Vereide	<p>Nei til Vestlandsregionen.</p>
Rune Rasmus Holsen	<p>God avtale. Den nye regionen må nytte nynorsk.</p>
Nygård	<p>Kommunane bør ha ansvar for den offentlege tannhelsetenesta. Treng vern om tradisjonane Hordaland og SF har for ungdomsmedverknad i fylkeskommunane.</p>
Svein H. Hovstad	<p>Nei til samanslåing. Ein bør halde på noverande fylkesinndeling. Samanslåing = sentralisering = ulempe for SF. Om det blir samanslåing lell, må sikre nynorsk som administrasjonsspråk, og at valkrinsane til Stortinget er som no. SF+H mindre skremmande alternativ enn SF+H+R.</p>
Julia Frisk Brendehaug	<p>Nei til samanslåing. Barn i SF skal vekse opp med nynorsk i lokalsamfunnet, og skal kunne stemme på politikarar frå eiga heimbygd når dei blir eldre.</p>
Torleik Stegane	<p>Vestlandet skal styrast på nynorsk.</p>

Bjarte Heggheim	Ja til samanslåing, men det må vere på nynorsk.
Inger Margrete Bødal	Røystar for nynorsk i ein ev. vestlandsregion.
Ingeborg Stige	Vil ha dagens gode, rare Sogn og Fjordane, som gjer ting utifrå det som passar oss. Ikkje gje vekk arbeidsplassar, språket vårt og identiteten vår.
Endre Aaberge Dahl	Å etablere ein vestlandsregion utan nynorsk som hovudmål er trist for nynorsken og kulturarven vår.
Pernela Hjetland	Nynorsk skal vere målforma i Vestlandsregionen.
Oddvar Isene	Vestlandsregionen kunne verka samlande for SF og Vestlandet. Vi treng å løfte blikket, lokalpolitisk egoisme har levd lenge og godt i SF. Vestlandet treng felles mål og strategiar – svært viktig verdiskapar for heile landet. Men vi må verne om talemålet, skriftspråket, kulturen og historia. Ikkje veldig god samlingsprosess, vore ok med meir analytisk tilnærming, meir fakta og ei rådgevande folkerøysting.
Kari Edel Gravdal	SF bør halde fram som eige fylke. Om samanslåing lell, krav om nynorsk som administrasjonsspråk. Folkerøysting.
Brynhild Lund Notøy	SF blir liten samanlikna med dei to andre, kan føre til vanskar når det kjem til fordeling av goda. Nordfjord og Sunnmøre bør liggje i same region. Målforma i ny region bør vere nynorsk.
Eldbjørge Engebø	Nynorsk skal vere administrasjonsspråket. SF bør halde fram som eige fylke. Om ein vert tvinga til samanslåing, må det vere med berre Hordaland.
Aaberge Sande	Nynorsk som administrasjonsspråk må vere prioritet når ein går inn i forhandlingar om samanslåing.
Rolf Breisnes	Nynorsk.
Anna Oddbjørg Pauline	Nynorsk må nyttast i ev. storfylke.
Krakhellen	
Leif Skaar	Stemmer for nynorsk.
Norunn Bremstein	Nynorsk må vere språket i ev. vestlandsregion.
Einar Gautefall	Nynorsk må vere offisiell språkform.
Emma Bale	Røyster for nynorsk.
Dag Håkon Storaker	Ok med samanslåing om nynorsk vert administrasjonsspråk.
Bjørn Skanke Sande	Bruk nynorsk.
Linda Arlen Flåten Plathe	Nynorsk må vere hovudmålforma i ein vestlandsregion.
Runa Nordahl	Nynorsk må vere administrasjonsspråk.
Ole Jørgen Fuglestad	Nynorsk må vere administrasjonsspråk, og regionen må få skriv frå staten på nynorsk.
Ruben André Kandal	Nynorsk må vere administrasjonsspråk, og regionen må få skriv frå staten på nynorsk.
Ramslie	
Simon Risnes Dagfinrud	Unaturleg å ikkje ha nynorsk som administrasjonsspråk for Vestlandet.
Jenny Kristin Menes	Nei til samanslåing.
Lars Olav Halleråker	Nei til samanslåing.
Liv Eldegard Talle	Redd for at Sogn og Fjordane vil "forsvinne" i ein region med store fylke som Rogaland og Hordaland. Administrasjonsspråket må vere nynorsk
Irene Revheim	Nei til samanslåing.
Per Magne Bell	Å etablere Vestlandsregionen no er å starte i feil ende. Ein må velje reiskap etter kva arbeidsoppgåver ein skal løyse, ikkje omvendt. Nynorsk er og har vore språkforma for Vestlandet. Slik må det også vere i ein ev. Vestlandsregion.
Ådne Øsleby	Nei til fylkessammenslåing.
Borgny Slettemoen Tøfte	Nynorsk administrasjonsmål.
Jon Ramstad	Det må klargjerast kva oppgåver fylkes-/regionsnivået skal

	<p>ha før ei ev. samanslåing. Ein må også få midlar til nye oppgåver ein får frå staten. Nynorsk som administrasjonsspråk premiss for ny region. Fryktar opplæringspolitikk styrt av økonomi, ikkje pedagogikk. God kommunikasjon føresetnad for vellukka reform. Naturleg at ein vestlandsregion får behalde større del av inntektene som i dag går til staten/Oslo.</p>
Olav Torheim	<p>Nei til samanslåing. Dersom samanslåing, må Vestlandsregionen administrerast på nynorsk.</p>
Martin Eggum	<p>Nei til Vestlandsregion styrd frå Bergen og Stavanger.</p>
Herdis Olina Holmøy, Knut Muldsvor, Tor Holmøy-Wang, Norunn Holmøy-Wang	<p>Nei til intensjonsavtalen. Tyngdepunktet i regionen kjem for langt sør. Nord for Sognefjorden må slåast saman med heile eller delar av Møre og Romsdal. Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland er òg eit alternativ. Området er eit viktig bu- og arbeidsområde i ein ny region. Ikkje lat gamle fylkesgrenser vere til hinder for nye løysingar. Sjå meir på kommunikasjon og geografi. Ein føresetnad for å slå saman er nynorsk som hovudmål.</p>
Edvin Helgheim	<p>Regionreforma må avvisast. Vil tappe SF for kompetansearbeidsplassar, svekke folkestyret og medverknad i viktige avgjerder, og store verdiar kan gå tapt. Er ikkje påvist positive effektar. Sekundært: vedtak vert utsett til det er avklara kva oppgåver dei nye regionane får. Forakt for folk i fylket å setje så kort frist for innspel at ein ikkje har tid til folkerøysting.</p>
Sylfest Lomheim	<p>Storleik er ikkje nødvendigvis kvalitet. Ein ny region må gjere det bra, møte respekt, bli lagt merke til og må marknadsføre seg med nynorsk. Nynorsk er minst brukt, men har ein vitalitet og ein friskeik som bokmålet manglar. Nynorskens svakheit er nynorskens styrke. Nynorsk er målforma som står nærast svensk og engelsk. Det smarte er å velje nynorsk.</p>
Snorre Sandemose	<p>Tek avstand frå planen om å lage ein vestlandsregion. Ser ikkje poenget. Men om det blir vestlandsregion, må nynorsk vere offisiell målform. Bergen har ingen problem med å høyre til fylke/region som nyttar nynorsk. Dersom eit fleirtal i Stavanger ikkje vil gå med på nynorsk, ikkje lat dei rasere kulturtradisjonar på Vestlandet.</p>
Erlend Astad Lorentzen	<p>Vestlandsregionen eit godt alternativ, og det einaste reelle om kartet skal endrast for Rogaland. Ser fram til at Vestlandet samlar seg med Bergen i sentrum og dannar ei motvekt til Oslo. Vestlandet har særleg ansvar for å ta vare på den nynorske kulturarven. Openbert at den nye vestlandske røysta blir formidla på nynorsk. Nynorsk og Vestlandet heng saman. Rogaland bør gå med på nynorsk som administrasjonsspråk, er uansett i mindretal mot Hordaland og Sogn og Fjordane.</p>
Magnus Helge Torvanger	<p>Vestlandet må gripe denne sjansen til å samle kreftene sine, saknar offensiv haldning. Fylka har mykje felles når det gjeld geografi, næringsliv og kultur. Sunnmøre høyrer også heime i vestlandsregion. Regionen har potensial til å bli ein av dei mest vekstkraftige og framtidsetta regionane i Europa. Må leggje bak oss gamle motsetningar og lokalisingsstridar og sjå framover. Naturleg med nynorsk som administrasjonsspråk, mykje uutnytta potensial i det nynorske skriftmålet. Tida er inne for vise entusiasme, vidsyn og framtidstru for ein stor og samla region.</p>

Wenche Elvegård Ingolf Folven	Vil ikkje at Sogn og Fjordane blir del av ny vestlandsregion. Vil ha dagens fylkesstruktur. Ikkje grunnlag for ny region før ein veit kva ansvar ein skal få, og kva økonomiske ressursar ein rår over. Ser ikkje kvifor det hastar slik. Den største utfordringa på Vestlandet – avstand – er ikkje teken på alvor. Reforma ser ut som «eliteprosjekt», som vil svekkje lokaldemokratiet. Sentralisering. Må vere folkerøysting.
Reidar Gjørven	Skeptisk til storfylke der Nordfjord blir utkant. Hordaland, SF og Sunnmøre betre løysing.
Arve Lødemel Per Hatledal	Ha med Møre og Romsdal, og kutte ut Rogaland. Sogn og Fjordane klarer seg åleine. Viss dette ikkje går, kan ein slå seg saman med Hordaland. Totalt uaktuelt å slå seg saman med Rogaland
Ole Fosse Fardal Inge Melkevoll	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i Vestlandsregionen. Avstanden til Stavanger er mykje lenger enn til Oslo. Kontakten mot Austlandet er mykje sterkare enn mot Stavanger. "Kulturgrense" ved Boknafjorden. Dette saman med lange avstandar tilseier at sydgrensa bør gå her. Sogn og Fjordane manglar sterkt sentrum. Ein av hovudgrunnane er plasseringa av fylkesadministrasjonen på Hermansverk. Om storfylke få positiv effekt for vårt noverande fylke, bør vårt adm.sentrum flyttast til Førde.
Ingrid Orstad Teigen	Nynorsk styringsspråk på Vestlandet. Vise til innspelet frå Noregs Mållag og gjenta alle argumenta og grunngevingane dei listar opp.
Øystein Eide	Samanslåing kan ha positiv verknad med at regionen framstår som sterk, men det er utfordringar. Må betre kommunikasjonen mellom Sogn og Fjordane og Rogaland med bl.a. betre flyruter, bussruter og båtruter. Tungvindt og dyrt å køyre bil. Unaturleg å skulle styrast frå Rogaland, og Rogaland har svært lite interesse av å bli styrt frå Sogn og Fjordane. Nynorsk må vere språket i Vestlandsregionen.
Ottar Nygård	Avslutt forhandlingane med Rogaland, men fortset forhandlingane med Hordaland. Dersom ein ikkje oppnår tilfredsstillande resultat, så avslutt forhandlingane. Innlei forhandlingar med Møre og Romsdal. Nynorsk som administrasjonsspråk. Svært viktig å behalde ein desentralisert vidaregåande skulestruktur uansett.
Samuel Eide	Ja til ein Vestlandsregion so lenge det vert nynorsk, og utbetra transportalternativ.
Jon Gunnar Løland	Vestlandsregionen bør bestå av SF, Møre og Hordaland. Nynorsk.
Nils Ulvund Åsmund Berthelsen	Språket må vera nynorsk. Negativ til Vestlandsregionen. Kan ikkje skjøne at fylkestinget kan handsame intensjonsplanen før dei har fått svar på krava eller premissane. Utan at viktige samfunnsoppgåver vert overførte til regionane, er det ei tom reform. Nynorsk som språk.
Andreas Osnes Åse Neraas	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i Vestlandsregionen. Nynorsk må vere administrasjonsspråk i Vestlandsregionen. Innbyggjarane i Vestlandsregionen står fritt til å bruke den målforma dei sjølve ønskjer.
Steinar Hilde	Negativ til Vestlandsregionen.
Magne Forberg	Positiv til Vestlandsregionen.
Tore Ødegård	Regiongrensene bør følgje politidistrikta i Noreg.
Anders I. Balevik Synnøve Balevik	Negativ til Vestlandsregionen. Krev folkerøysting. Negativ til Vestlandsregionen. Ein ny region bør inkludere

	Møre og Romsdal. Krev folkerøysting.
Jakob Skaftnesmo Løge-Hagen	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i Vestlandsregionen.
Bjarne Kaarstad	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i Vestlandsregionen.
Thea Loennechen	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i Vestlandsregionen.
Karin Tonning Hatløy	Negativ til Vestlandsregionen. Sogn og Fjordane bør halde fram som eige fylke. Dersom stortingsfleirtalet gjennom vedtak våren 2017 likevel tvingar gjennom ei samanslåing, skal ikkje fylket delast. Ein må då bygge på dei lokale tingingane som er gjennomført mellom fylka. Nynorsk må vere administrasjonsspråk i Vestlandsregionen.
Sigbjørn Løland Torpe	Kritisk til form og innhald i intensjonsplanen. Sogn og Fjordane bør halde fram som eige fylke. Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion.
Dagfinn Otterskred	Positiv til Vestlandsregionen. Open for at Nordfjord vert skilt ut som ein del av Møre og Romsdal.
Ottar Wiik	Positiv til Vestlandsregionen. Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion.
Steinar Eikemo	Dei tre fylka bør halde fram som i dag. Særleg vekt på at fylkesmannsembetet opprettheld ei desentralisert organisering med nærleik til kommunane.
Jan Gaute Buvik	Positiv til Vestlandsregionen. Regionen bør seinare vurdere å innlemme Sunnmøre. Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion.
Atle Faye	Positiv til Vestlandsregionen. Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion.
Hans Christian Lilleøren	Positiv til Vestlandsregionen. Ros for godt forhandlingsarbeid frå Sogn og Fjordane.
Per Jon Berstad	Ønsker ein region med Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Nynorsk må vere administrasjonsspråk.
Else H. Nornes	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion. Regionen må få skriv frå alle statsorgan på nynorsk.
Trond Johannes Førde	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion.
Håkon Remøy	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion.
Isak Hamre	Negativ til Vestlandsregionen. Stor demokratisk avstand mellom innbyggjar og politiske avgjerder.
Simon Andreas Systad Vold	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion.
Judith Kapstad	Støttar planen om samanslåing, men meiner den offentlege tannhelsetenesta bør leggjast til kommunane. Det er særst viktig at Vestlandsregionen får overført ansvaret for fleire store samfunnsoppgåver frå staten.
Trond Sundby	Nedlegging av fylkeskommunen som politisk forvaltningsnivå vil svekke Sogn og Fjordane som merkevare og på sikt føre til ei oppsplitting av fylket. Stor demokratisk avstand mellom innbyggjar og politiske avgjerder.
Bente Myklebust	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion. Regionen må få skriv frå alle statsorgan på nynorsk.
Sander Emil Sørestrand Johannessen	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion.
Idun Schawliann Ølnes	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion.
Bjørn Solum	Eit nytt regionalt folkevalt nivå bør bestå av fjordane og

John H. Byrknes	Sunnmøre. Positiv til Vestlandsregionen. Eit meir samla Vestland, gjerne frå og med nord for Stadt (Sunnmøre) og til og med Rogaland bør vere med.
Pål Dale	Negativ til Vestlandsregionen.
Kjell Mongstad	Negativ til Vestlandsregionen. Sogn og Fjordane som fylke dreg nytte av smådriftsfordeler.
Bjarne Larsen	Positiv til Vestlandsregionen, og legg særleg vekt på positive konsekvensar for større og meir robuste/sterke fagmiljø.
Knut O. Aarethun	Positiv til Vestlandsregionen.
Geir Sigurd Handegård	Negativ til Vestlandsregionen på grunn av store avstandar. Hordaland og Sogn og Fjordane er det mest føremålstenlege.
Gunnar Mjøs	Negativ til Vestlandsregionen på grunn av store avstandar. Hordaland og Sogn og Fjordane er det mest føremålstenlege. Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion.
Anita Brenna Muldsvor	Negativ til Vestlandsregionen på grunn av store avstandar. Hordaland og Sogn og Fjordane er det mest føremålstenlege. Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion.
Jakob Trygve Øygard	Negativ til Vestlandsregionen. Stor demokratisk avstand mellom innbyggjar og politiske avgjerder.
Olav Luggenes	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion. Møre og Romsdal bør dessutan vere med.
Solveig Hesvik Frøyen	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion. Regionen må få skriv frå alle statsorgan på nynorsk.
Joan og Tor Gunnar Salbu	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i ein ev. Vestlandsregion. Regionen må få skriv frå alle statsorgan på nynorsk.
Solveig Berstad Sande	Positiv til sterk vestlandsregion, men må ha avklart oppgåver før vedtak. Må ha nynorsk.
Steinar Lote	Nynorsk må vere administrasjonsspråk i Vestlandsregionen.



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: post@sfj.no

Framsida: Florø, utsikt frå Haukånipa
Foto: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem